

ÅRSMELDING 2020



Vang kommune



Innhold

FØREORD	2
1 INNLEIING	2
1.1 OVERORDNA MÅL OG ØKONOMISKE MÅL	2
1.2 ÅRSMELDING JF. KOMMUNELOVA	3
1.3 ØKONOMISKE NØKKELTAL	3
1.4 KOMMENTARAR TIL BUDSJETTAVVIK	5
1.5 INVESTERINGAR	8
1.6 LÅNEGJELD	11
2 INTERNKONTROLL	12
3 ETISK STANDARD	12
4 LIKESTILLING OG LIKEBEHANDLING	13
5 INTERKOMMUNALE TENESTER	14
6 STAB OG FELLESTENESTER	14
6.2 PERSONAL	14
7 UTDANNING OG KULTUR	16
7.1 MÅLSETJINGAR	16
7.2 HOVUDARBEIDSOMRÅDE	16
7.3 ØKONOMI	16
7.4 ETATSKONTORET	17
7.5 RAPPORT FRÅ TENESTEOMRÅDA	18
8 HELSE- OG OMSORG	32
8.1 OVERORDNA KOMMENTARER TIL ØKONOMIEN I ETATEN	32
8.2 HELSE- OG OMSORGSSJEFEN MED STAB.	33
8.3 RAPPORT FRÅ TENESTEOMRÅDA	33
8.4 FOLKEHELSE	34
8.5 IHT - INSTITUSJONS- OG HEIMEBASERTE TENESTER	35
8.6 MILJØTENESTA	42
9 LANDBRUK OG TEKNISK	51
9.1 MÅL	51
9.2 HOVUDARBEIDSOMRÅDE	52
9.3 BEMANNING	52
9.4 ØKONOMI	52
9.5 RAPPORT FRÅ TENESTEOMRÅDA	54
9.6 STATUS OG UTVIKLINGSTREKK	62
10 NÆRINGSUTVIKLING	64
11 VEDLEGG – HOVUDOVERSIKTER	65

Føreord

Årsmeldinga for Vang kommune gjer greie for viktige forhold kring kommunen si økonomiske stilling og resultatet av verksemda, og om den økonomiske utviklinga er berekraftig over tid. Vesentlege avvik mellom årsbudsjett og årsrekneskap vert greia ut. Det vert beskrive i kva grad verksemda har nådd sine mål og andre forhold av vesentleg betyding for kommunen. Årsmeldinga gjev vidare ein oversikt over iverksette og planlagde tiltak for å sikre ein høg etisk standard og forsvarleg kontroll i verksemda. Tilstanden når det gjeld likestilling i kommunen vert vist fram, og det skal gjerast greie for iverksette og planlagde tiltak for å fremje likestilling og for å hindre forskjellsbehandling i strid med likestillings- og diskrimineringslova.

Saman med årsrekneskapen for 2020 vil årsmeldinga bli handsama i hovudutval og råd i april og mai, i formannskapet 3. juni og i kommunestyret 17. juni.

I tillegg til denne årsmeldinga ligg det føre egne årsrapportar for interkommunale samarbeid.

2020 har vore eit år prega av tiltak og utfordringar knytt til pandmien. Dette har gjort at nokon prosessar og prosjekt naturleg nok ikkje har hatt normal framdrift. Mellom anna gjeld dette effektiviseringsprosjektet med tilhøyrande økonomiske målsetnadar. Framdrifta på enkelte investeringsprosjekt har heller ikkje vore som forventa, noko som gjer utslag på omsetninga av budsjetterte investeringsmiddel.

Det er truleg siste året at kommunestyret frå presentert årsmeldinga i dette formatet. Med innføring av Framsikt vil kommunen få eit betre og meir tidsriktig og heilskapleg system for planlegging og rapportering frå verksemda. I tillegg til modulane *Analyse* og *Økonomiplan* vil *Framsikt Rapportering* gjere det enklare å samle styringsinformasjon og leggje til rette for god rapportering.

Administrasjonen har med dette eit mål om å gje folkevalde og publikum betre innsikt og forståing i den kommunale verksemda, og gjere det lettare å sjå samanhengen mellom dei overordna måla i kommuneplanen og dei tiltaka som vert iverksatt gjennom økonomiplan og handlingsplan.

1 Innleiing

1.1 Overordna mål og økonomiske mål

Dei overordna måla for Vang kommune er skildra i Kommuneplanen. Vang kommune skal leggje til rette for god tenesteyting, service og informasjon med fokus på nærleik til brukarane og forvaltning av felles ressursar. Kommunen skal arbeide aktivt for gode og varierte bu tilbod tilpassa vekslende behov, herunder byggjeklare bustadtomter i ulike delar av kommunen. Vidare skal kommunen ha eit aktivt folkehelsearbeid med fokus på aktuelle utfordringar. Vang ynskjer å vera eit inkluderande lokalsamfunn der skilnader i høve til kjønn, etnisk tilhøyrse, funksjonsnivå, utdanning og økonomi blir motverka. Vang har òg som mål å halde fram som eigen kommune.

I tillegg til disse overordna måla viser samfunnsdelen av kommuneplanen til egne mål for barn og ungdom, kultur og friluftsliv, universell utforming, langsiktige arealstrategiar, landbruk, næringsutvikling og sysselsetting, klima, energi og miljø, samfunnssikring og beredskap, og Vang kommune som arbeidsgjevar.

Den rullerande økonomiplanen i Vang kommune utgjør handlingsdelen av kommuneplanen. Det skal derfor vere ein klar samanheng mellom dei overordna måla som er stadfesta i kommuneplanen og dei økonomiske disposisjonane i økonomiplanen.

Vang kommune skal føre ein nøktern og realistisk økonomisk politikk bygd på langsiktig planlegging. Ein skal tilpasse driftsutgifta til inntektene og halde renteberande lånegjeld på eit lågt nivå. Ein skal nytte økonomiske verkemiddel i arbeidet med næringsutvikling og arbeide for å behalde rettar og økonomiske ressursar knytt til kraftutbygging og kraftproduksjon.

Resultatmål 1 : årlig netto driftsresultat på minst 7,25% av driftsinntektene

Resultat 2,0% (4,2% i 2019)

Resultatmål 2: disposisjonsfond på 10 - 15% av samla driftsinntekter

Resultat 11,2% (11,4% i 2019)

Resultatmål 3 : lånekostnader skal ikkje overgå 13 000 000 kroner i året (inkludert avdrag og renter)

Resultat 9,9 mill (9,3 mill i 2019)

1.2 Årsmelding jf. Kommuneleva

Alle kommunar skal utarbeide årsmelding, jamfør kommunelova § 14-3 og § 1-1 i forskrift om økonomiplan, årsbudsjett og årsberetning for kommuner for fylkeskommuner. I dette kapitlet blir det framstilt nøkkeltal og kommentarar til budsjettavvik knytt til driftsrekneskapen, investeringsrekneskapen og balansen. Formannskapet innstiller til kommunestyrevedtak om årsrekneskap og årsmelding, og kontrollutvalet skal uttale seg til kommunestyret før vedtak vert fatta. Årsmelding med årsrekneskap vert behandla i Formannskapet 3. juni 2021 og ligg ute og vert gjort offentleg i fjorten dagar før behandling i kommunestyret 17. juni 2021.

1.3 Økonomiske nøkkeltal

Samanlikninga med andre kommunar og kostragruppe 6 og gjennomsnittet i Innlandskommunane viser at Vang kommune har relativt høge driftsinntekter pr innbyggjar i forhold til samanliknande kommunar. Dette er i hovudsak grunna kraftinntekter, mellom anna konsesjonsavgifter. Historiske rekneskapstal over tid viser at Vang kommune har hatt relativt høgt kostnadsnivå innan drift på enkelte tenesteområde. Ein bør vere merksam på at konsesjonsavgiftene som kommunen får inn verkar på same måte som eigedomsskatt, og at ei langsiktig trend med mykje høgare utgifter enn inntekter, vil føre til at kostnadsnivået eter opp konsesjonsavgifta, og dermed fører til ein ubalanse i økonomien.

Årsrekneskapen for 2020 viser til eitt netto driftsresultat for 2020 på 4.771.197 kr (9.442.776 kr. i 2019) . Netto driftsresultat utgjør henholdsvis 2,0% og 4,2% av brutto driftsinntekter for årene 2020 og 2019.

Vidare følgjer oversikt over hovudtal for drifta i 2020, samanlikna med Vang 2019 og 2020-tala for regionen, fylket og KOSTRA-gruppe 6.

Hovedtall drift

	Vang 2019	Vang 2020	Etnedal	Vestre Slidre	Sør- Aurdal	Øystre Slidre	Nord- Aurdal	Innlandet	Kostragruppe 06
Økonomi									
Brutto driftsinntekter i kroner per innbygger	147 754	151 673	125 737	116 066	122 689	111 679	125 361	97 981	130 166
Brutto driftsresultat i prosent av brutto driftsinntekter	-1,3 %	-1,1 %	-1,6 %	-1,5 %	2,3 %	-1,2 %	-0,4 %	0,1 %	2,9 %
Brutto driftsutgifter i kroner per innbygger	149 736	153 325	127 784	117 820	119 881	113 011	125 875	97 840	126 443
Frie inntekter i kroner per innbygger	75 189	80 176	85 438	67 456	75 559	63 053	62 481	60 148	72 262
Netto driftsresultat i prosent av brutto driftsinntekter	4,6 %	2,0 %	2,7 %	1,3 %	2,4 %	1,7 %	0,9 %	1,3 %	3,6 %
Netto lånegjeld i kroner per innbygger	106 710	130 105	57 985	72 036	98 608	142 199	93 325	86 431	92 248
Netto lånegjeld i prosent av brutto driftsinntekter	72,2 %	85,8 %	46,1 %	62,1 %	80,4 %	127,3 %	74,4 %	88,2 %	70,9 %

Brutto driftsutgifter i kroner per innbygger

	2017	2018	2019	2020
Vang	151 897	153 500	152 132	153 325
Etnedal	134 978	140 119	131 573	127 784
Vestre Slidre	117 264	116 100	116 722	117 820
Sør-Aurdal	108 443	112 538	112 826	119 881
Øystre Slidre	104 799	107 631	110 693	113 011
Nord-Aurdal	114 345	115 769	117 702	125 875
Innlandet				97 840
Kostragruppe 06	143 955	144 482	147 882	126 443


Netto lånegjeld i kroner per innbygger

	2017	2018	2019	2020
Vang	95 292	100 683	106 710	130 105
Etnedal	51 925	56 340	55 981	57 985
Vestre Slidre	52 672	57 539	60 356	72 036

Sør-Aurdal	69 121	77 102	95 466	98 608
Øystre Slidre	70 011	80 234	104 345	142 199
Nord-Aurdal	67 543	82 563	86 314	93 325
Innlandet				86 431
Kostragruppe 06	93 196	102 963	109 870	92 248

Netto driftsutgifter

Vang kommune har høgare netto driftsutgifter pr innbyggjar innan pleie og omsorg og grunnskule enn kostragruppa og nabokommunar. Dette viser at Vang kommune har prioritert desse tenestane høgt over tid. Når det blir rekna i forhold til innbyggartal skil Vang kommune seg ut. Dette er grunnlag for nærare analyse. Oversikta viser at Vang har netto inntekter på det som er definert som andre områder på grunn av vesentlege konsesjonsavgifter, eigedomsskatt og kraftinntekter.



	Vang	Etneedal	Vestre Slidre	Sør-Aurdal	Øystre Slidre	Nord-Aurdal	Kostragruppe 06	Innlandet
■ Pleie og omsorg	36 385	31 367	24 050	30 195	26 355	27 041	30 165	23 155
■ Grunnskole	22 480	18 303	16 860	15 395	19 517	14 424	18 149	14 507
■ Barnehage	9 554	7 250	5 802	6 013	7 163	7 330	7 190	7 360
■ Adm, styring og fellesutgifter	13 137	11 922	7 743	8 479	4 921	4 417	8 629	5 339
■ Sosiale tjenester	2 175	2 937	3 154	2 446	2 520	2 294	2 077	2 600
■ Kommunehelse	7 790	7 860	6 824	5 450	4 758	4 495	5 167	3 667
■ Barnevern	113	3 068	3 239	3 480	2 779	2 628	2 261	2 011
■ Kultur og idrett	5 009	3 267	2 929	3 828	2 014	2 750	2 889	2 451
■ Plan, kulturminner, natur og nærmiljø	1 784	2 101	266	310	1 548	517	979	726
▶ Andre områder	-8 937	5 897	7 571	5 179	2 068	3 865	2 049	2 911
Totalt	89 490	93 972	78 438	80 775	73 643	69 761	79 555	64 727

1.4 Kommentarer til budsjettavvik

Generelt er årsrekneskapen for 2020 prega av budsjettavvik relatert til lokale og nasjonale tiltak og restriksjonar knytt til pandemien.

Rekneskaperen er og prega av vesentleg mindre inntekter frå kraftsektoren. Dette er i hovudsak kompensert med mindre lønsutgifter og mindre finansutgifter enn budsjettet.

Meirutgifter knytt til smittevern koronatiltak er i hovudsak dekkja gjennom statlege kompensasjonsordningar i 2020.

På grunn av mindre lønsauke enn føresett vart det vesentleg mindre utgifter til løn – personal enn føresett i budsjettet for 2020. Sentrale tillegg innan lønsområdet vart i 2020 1,7% medan det var budsjettet med 3-3,5% lønsauke.

Nedanfor følger kommentarar til vesentlege budsjettavvik pr etat.

1.4.1 Politiske organ

Samla sett viser rekneskaperen for 2020 utgifter på 2,9 mill (2,5 - 2019) til politiske organ inkl overføring til Valdres Natur -og Kulturpark på 0,4 mill kr og 0,66 mill kr til revisjon og kontrollutval.

1.4.2 Kommunedirektøren og stab

Rekneskapsområdet for kommunedirektøren med samla utgifter på vel 1,2 mill kr omfattar ved sidan av løn utgifter til knytt til beredskap.

Innan stab og fellestenster vart utgiftene for 2020 8,47 mill kr som er 1,25 mill kr mindre enn budsjettet. Dette grunna i mindreutgifter innan lønsområdet på 0,4 mill kr og reduserte overføringer til IKT Valdres i størrelsesorden 0,85 mill kr i forhold til driftsbudsjettet for 2020.

	Regnskap	Buds(end)	Avvik
1 Sentale politiske og adm organ	2 020	2 020	
Sentrale politiske organ	2 918 883	2 919 000	-118
Kommunedirektør	1 254 106	1 293 800	-39 694
Stab	8 472 326	9 726 200	-1 253 874
Sum etat: 1 Sentale politiske og adm organ	12 645 314	13 939 000	-1 293 686

1.4.3 Utdanning og Kultur

Etaten hadde eit netto mindreforbruk på 6,7 mill kr i forhold til budsjett. Dette skuldast i hovudsak netto mindre utgifter på lønsområdet og meirinntekter på 2,9 mill kr på innan flyktingetilskott etc.. Det har vore redusert aktivitet på fleire område i etaten på grunn av restriksjonar knytt til pandemien i 2020.

Etat: 2 Utdanning og Kultur		Regnskap 2020	Buds(end) 2020	Avvik	Regnskap 2019
20	Kommunalsjef OKI	5 042 550	4 916 000	126 550	4 654 009
22	Grunnskulen	23 454 658	25 381 000	-1 926 342	23 936 431
25	Barnehager	10 559 088	13 091 000	-2 531 912	10 392 863
26	Kultur	7 906 655	8 425 000	-518 345	5 048 662
27	Vaksenopplæring	-28 167	1 069 000	-1 097 167	-1 486 496
28	Bufelleskap flyktningar	-2 411 085	-1 675 500	-735 585	-898 665
29	Frivilligsentralen	847 004	879 000	-31 996	795 036
Sum etat: 2 Utdanning og Kultur		45 370 703	52 085 500	-6 714 797	42 441 839

Overføring til Vang kyrkjelege fellestråd som inngår i punkt 26 kultur utgjorde 2,87 mill i 2020.

1.4.4 Helse og omsorg

Helse –og omsorgsetaten hadde eit netto mindreforbruk på 6,2 kr i 2020. Innan løn –og personalområdet er det i denne etaten vore brukt 2,7 mill kr mindre enn budsjett.

Drift –og vedlikehaldsutgifter til bygningar i etaten er i større grad enn føresett i budsjettet bokført på etaten Landbruk Teknisk. Dette gjer også utslag til samla mindreforbruk på Helse og Omsorg i 2020.

Etat: 3 Helse og omsorg		Regnskap 2 020	Buds(end) 2 020	Avvik	Regnskap 2019
30	Kommunalsjef HO	1 398 918	1 347 000	51 918	5 572 490
31	Helsetenester	11 843 455	12 373 000	-529 545	9 315 605
33	Sosiale tenester	4 893 635	5 663 000	-769 365	5 072 176
36	IHT	35 826 859	39 199 000	-3 372 141	33 681 824
39	Miljøtenester	15 609 895	17 191 000	-1 581 105	15 738 007
Sum etat: 3 Helse og omsorg		69 572 761	75 773 000	-6 200 239	69 380 102

1.4.5 Landbruk og teknisk

Årsrekneskapen for i etaten viser samla sett meirforbruk på 2,5 mill kr .

Utgiftene til renovasjon og drift –og vedlikehald av kommunele bygg knytt til kommunale bygg i verksemdar i etatane Utdanning og Kultur og Helse og Omsorg er i større grad bokført i denne etaten enn det som var føresett i budsjettet for 2020.

Det er vesentlege forskyvningar av utgiftene innad i etaten på grunn av endringar i plassering av utgifter og inntekter. Dette heng saman med ei ynskja omstrukturering av budsjettet.

		Regnskap	Buds(end)	Avvik	Regnskap
Etat: 4 Landbruk og Teknisk		2 020	2 020		2019
40	Kommunalsjef Landbruk Teknisk	745 849	3 364 000	-2 618 151	3 471 854
41	Plan , kart, oppmåling og byggesak	3 582 972	97 000	3 485 972	-
43	Kommunale bygg og vegar	13 153 739	10 926 000	2 227 739	12 321 393
44	Bustadfelt og tomter	16 969	-31 000	47 969	-127 430
45	VA	-4 701 400	-3 623 000	-1 078 400	-4 538 953
47	Landbruk	2 246 631	2 440 500	-193 869	2 068 980
49	Brann og feietenester	3 040 391	2 409 000	631 391	3 065 721
Sum etat: 4 Landbruk og Teknisk		18 085 151	15 582 500	2 502 651	16 261 565

1.4.6 Kraftinntekter

Inntektene frå kraftsektoren fordeler seg på følgjande område :

Inntekter frå kraftsektoren	Regnskap	Budsjett	avvik	Regnskap
	2 020	2 020		2 019
Konsesjonsavgifter	23 429 729	24 200 000	-770 271	23 381 000
Eigedomskatt	6 155 791	6 100 000	55 791	5 829 000
Naturressursskatt	7 567 729	6 400 000	1 167 729	6 553 000
Konsesjonskraft	5 100 000	7 500 000	-2 400 000	7 704 000
Fallerstatning	1 271 806	2 000 000	-728 194	2 350 000
Andelskraft (inngår i Jotunkraft A/S)			-	
Renter av ansvarleg lån i VE KF	800 550	700 000	100 550	700 000
Utbytte korrigerert Vang Energi	-4 000 000	-	-4 000 000	4 000 000
Utbytte Innlandet Energi Holding A/S	473 342	268 000	205 342	249 000
Totalt frå kraftforvaltninga i 2020	40 798 947	47 168 000	-6 369 053	50 766 000

Året 2020 munna ut i meirinntekter frå naturressursskatt på 1,17 mill kr og mindre fallerstatningar enn budsjett. Ellers så var det mindreinntekter på området på grunn av lågare kraftpris i marknaden enn det som var føresett i driftsbudsjettet for 2020.

Det er tilbakeført 4 mill kr i utbyte frå Vang Energiverk . Dette er knytt til rekneskapstekniske forhold i samband med selskapsomdanning frå KF til AS i 2020. Kommunen har fram til 2019/2020 legge i forkant med omsyn til periodisering i rekneskapen knytt til utbyte frå Vang Energiverk.

Det er endring i rekneskapsprinsipp frå og med 2020 jfr ovannemnte . Utbyte blir no ført i året generalforsamlinga gjer vedtak om utbyte.

1.5 Investeringar

Investeringsrekneskapen for 2020 viser eit finansieringsbehov på 25,8 mill kr .

Investeringane fordeler seg med 17,25 mill kr til VA–anlegg og etablering av bustadfelt og 8,2 mill kr til andre investeringar.

Det er avsett 0,33 mill kr til bunde investeringsfond i 2020.

Det er mottatt 3,17 mill kr i tilskott og overføringar i 2020 blant anna i samband med etterbetaling av spelemiddel relatert til utbygging av Vangshallen.

Dei lånemidlane som var brukt i 2020 var frå ubrukte lånemiddel opplånt tidlegare år som utgjorde 18,57 mill kr.


Tabellen nedanfor viser investeringsrekneskapen spesifisert på prosjekt og finansiering.

	<i>Regnskap</i>	<i>Buds(end)</i>	<i>Avvik</i>	<i>Budsjett</i>
	<i>2020</i>	<i>justert</i>		<i>opprinneleg</i>
<i>Investeringar 2020</i>	<i>2020</i>	<i>2020</i>		<i>2020</i>
35 Kyrkjene i Øye utviding veg , parkering etc	179 316	300 000	-120 684	2 900 000
42 Kjøp av biler	702 001	900 000	283 097	2 400 000
110 KLP - egenkapitalinnskot	603 126	775 000	-171 874	775 000
125 Startlån	351 561	500 000	-148 439	500 000
144 Kjøp/sal av fast eiendom	172 255	-	172 255	-
191 Vangsheimen - vaskemaskinar	208 419	-	208 419	-
210 VBU - ombygging/nybygg	2 719	-	2 719	-
220 Tettstadutvikling Vang sentrum	-	550 000	-550 000	1 100 000
250 Digitalisering av arkiv	-	1 460 000	-1 460 000	1 460 000
251 Tak - VBU	958 571	800 000	158 571	800 000
272 Vedlager - Lund	250 926	500 000	-249 074	400 000
273 Lydisolering - Høre	-	120 000	-120 000	120 000
274 Overbygg - Vangstunet	39 748	40 000	-252	-
275 Øye kyrkje - Servicebygg med slukkevann	1 244 799	2 800 000	-1 555 201	7 300 000
283 Ny heis kommunehuset	521 641	700 000	-178 359	2 000 000
284 Rehab av kommunehuset - Ventilasjon og vindu	1 932 278	2 200 000	-267 722	4 900 000
286 Vangstunet - ombygging legekantor/NAV	305 414	210 000	95 414	-
294 Koding programmering skula	-	110 000	-110 000	110 000
293 Bord og stoler til kommunestyresalen	-	200 000	-200 000	200 000
295 VBU inventar	252 711	215 000	37 711	215 000
296 Konsertpiano	150 000	120 000	30 000	120 000
297 IHT -velferdsteknologi	-	285 000	-285 000	285 000
298 IHT - vaskemaskin og tørketrommel	-	182 000	-182 000	182 000
303 Grasklyppar kommunehuset	136 875	110 000	26 875	110 000
305 EKG-maskin legekantoret	181 090	-	181 090	-
Sum kommunale anlegg eksl VA	8 193 450	13 077 000	-4 402 454	25 877 000
VA og bustadfelt				
65 Grindafjell infrastruktur VA	297 955		297 955	
100 Vassforsyning Tyinkrysset - Filefjell	4 342 084	5 500 000	-1 157 916	15 000 000
256 Ryfoss - Vann	29 843	-	29 843	-
287 Ryfoss bustadfelt	10 698 395	10 000 000	698 395	15 000 000
299 Teknisk - bil til driftsoperatør	481 096	500 000	-500 000	500 000
300 Vang vassverk - tilbygg	-	-	-	400 000
302 Asfaltering bustadfelt	1 398 538	1 200 000	198 538	1 200 000
519 VA-Rammeplan	5 113	-	5 113	-
Sum VA og bustadfelt	17 253 024	17 200 000	-428 072	32 100 000
TOTALT	25 446 474	30 277 000	-4 830 526	57 977 000
Avsetning investeringsfond	329 817		329 817	
Sum finansieringsbehov	25 776 291	30 277 000	-4 500 709	57 977 000

	<i>Regnskap</i>	<i>Buds(end)</i>	<i>Avvik</i>	<i>Budsjett</i>	
<i>Investeringar 2020</i>	<i>2020</i>	<i>justert</i>		<i>opprinneleg</i>	
	<i>2020</i>	<i>2020</i>		<i>2020</i>	
Finansiering					
660	Sal driftsmiddel (mva-fri)	-40 000	-	-40 000	-
700	Refusjon frå Riksantikvaren	-	-	-	-1 694 000
729	Mva-kompensasjon	-2 361 023	-4 452 000	2 090 977	-7 716 000
770	Refusjon frå andre (private)	-367 742	-	-367 742	-
830	Overføring frå fylkeskommunar	-3 167 000	-3 000 000	-167 000	-3 000 000
905	Utbyte/eigaruttak	-70 441	-	-70 441	-
910	Bruk av lån	-18 556 022	-22 050 000	3 493 978	-44 792 000
920	Motteke avdrag på utlån	-10 000	-	-10 000	-
922	Motteke avdrag på lån til vidareutlån	-610 937	-	-610 937	-
929	Sal aksjar/andelar	-76 482	-	-76 482	-
951	Bruk av næringsfond	-516 644	-775 000	258 356	-775 000
TOTALT		-25 776 291	-30 277 000	4 500 709	-57 977 000

1.6 Lånegjeld

Frå og 2015 har lånegjelda vore aukande i kommunen. Samla lånegjeld pr 31.12.2020 er på 198,3 mill kr derav 60 mill kr relatert til sjølvkostområde vatn og avløp.



2 Internkontroll

Kommunelova § 25-1:

“Internkontroll i kommunen og fylkeskommunen

Kommuner og fylkeskommuner skal ha internkontroll med administrasjonens virksomhet for å sikre at lover og forskrifter følges. Kommunedirektøren i kommunen og fylkeskommunen er ansvarlig for internkontrollen.

Internkontrollen skal være systematisk og tilpasses virksomhetens størrelse, egenart, aktiviteter og risikoforhold.»

Forsvarleg kontroll av den kommunale verksemda inneber m.a. gode reglement og rutinar, og god oppfølging og etterkontroll av desse. Statlege tilsyn fungerer som korrektiv og gjev tilbakemeldingar om eigenkontrollen er tilstrekkeleg.

Rutinar som bidreg til kontroll av den administrative verksemda, men særleg viktig er:

- Det har vore retta fokus på oppdateringar av skriftlege interne rutiner på ulike område gjennom året 2020 som fortset inn i 2021.
- Det har vore prosessar med innføring av nytt delegeringsreglement 2020 som blir lagt fram for politisk behandling våren 2021.
- Det har tidelgare år vore arbeid med GDPR for å klargjere organisasjonen for personvernreglane. Vang har gjennomført internkontroll på sine system og nyttar GDPR system som ligg i Kvalitetslosen (Compilo).

Arbeidet med å etablere god nok kontroll av den kommunale verksemda er sett på dagsorden som eit prioritert område slik dette går fram av økonomiplandokumentet. Internkontroll er jamnleg tema på leiarmøter. Fem kommunar i Valdres har samarbeid om personvernrådsgjevar med Vestre Slidre kommune som arbeidsgjevar.

3 Etisk Standard

For å bidra til høg etisk standard i Vang kommune legg kommunedirektøren vekt på å:

- følgje signala som ligg i kommunen sine etiske retningslinjer.
- følgje opp kommunen sitt arbeidsreglement, spesielt om verdiar og haldningar.
- vera open for varsling og god ivaretaking av dei som vil varsle etter kommunen sitt reglement, jf. Varslingsreglementet.
- byggje og vedlikehalde høg grad av integritet både for administrasjonen og dei politiske organa.

4 Likestilling og likebehandling

Likestillingslova § 1:

«Lovens formål er å fremme likestilling uavhengig av kjønn. Likestilling innbærer: a) likeverd, b) like muligheter og rettigheter, c) tilgjengelighet og d) tilrettelegging. Loven tar særlig sikte på å bedre kvinners stilling.»

Diskriminerings- og tilgjengelova § 1:

«Lovens formål er å fremme likestilling uavhengig av funksjonsevne. Likestilling innebærer: a) likeverd, b) like muligheter og rettigheter, c) tilgjengelighet og d) tilrettelegging. Loven skal bidra til nedbygging av samfunnsskapt funksjonshemmede barrierer og hindre at nye skapes.»

Gjennomførte tidlegare medarbeidarundersøkingar tidlegare år tyder klart på at tilstanden er svært positiv og integrerande både for likestilling og for å hindre diskriminering.

Vang kommune har jamt over nyare bygg som er godt tilpassa menneske med nedsett funksjonsevne. For byggeprosjekt med oppstart etter september 2016, gjeld imidlertid «Retningslinjer for prosjektstyring i Vang kommune», vedteke i sak K-33 i møte 24.06.2016.

Vang kommune har ikkje sett i verk konkrete tiltak for å rekruttere personar ut frå kjønn, etnisk opphav eller funksjonsevne. Kommunen har heller ikkje særskilde verkemiddel eller planar om å ta i bruk slike for aktivt å fremje eller hindre forskjellsbehandling grunna kjønn, etnisk opphav eller funksjonsevne.

Lønspolitiske retningslinjer, vedteke av kommunestyret sist revidert i 2014, omtalar likeløn: - *Løn skal fastsetjast utan omsyn til kjønn. Det skal vera lik løn for arbeid av lik verdi og likestilling mellom kvinner og menn. Lønspolitikken skal bidra til at dette blir oppnådd.*

Deltid er i all hovudsak knytt til turnusarbeid på kvinnedominerte arbeidsplassar.

Likestilling blir frå tid til anna drøfta i rådmannen si leiargruppe, og i møte med tillitsvalde. Vang kommune har ei stor utfordring i å rekruttere fleire menn til kvinnedominerte yrke innan helse, pleie og omsorg, barnehage og skule.

I kommunen var det 245 tilsette (fast tilsette og vikarar) pr. 31.12.2020 derav 192 kvinner (78,4 %) og 53 menn (21,6 %). Tilkallingsvikarar kjem i tillegg til dette antalet.

5 Interkommunale tenester

Årsmelding frå dei ulike interkommunale selskapa og vertskommunesamarbeid ligg vedlagt.

Interkommunale tenester ekskl tiltak						
Tenester	Selskapsform	Andel Vang	Vert	2020	2019	Endring i %
Skatteoppkreveren for Valdres	§27	9 %	Nord-Aurdal	272 662	323 189	-15,6 %
Valdres Gis	§27	9 %	Vang	267 502	188 622	41,8 %
Innkjøp Valdres	§27	9 %	Sør-Aurdal	73 889	86 312	-14,4 %
Valdres natur -og kulturpark		9 %	Nord-Aurdal	404 000	410 000	-1,5 %
Visit Valdres			Nord-Aurdal	-	350 000	-100,0 %
Barnevern Vang - V Slidre	§28	43 %	Vestre Slidre	1 259 871	1 565 103	-19,5 %
PP teneste	§28	10 %	Nord-Aurdal	714 618	671 781	6,4 %
VLMS bygg	§28	10 %	Nord-Aurdal	278 098	287 600	-3,3 %
Jordmorteneste	§28	10 %	Nord-Aurdal	123 817	178 414	-30,6 %
Valdres legevakt	§28	10 %	Nord-Aurdal	2 003 414	1 762 697	13,7 %
VLMS intermed KAD inkl øyeblik	§28	10 %	Nord-Aurdal	1 824 679	1 887 522	-3,3 %
NAV Valdres inkl rusmiddelar	§28	9 %	Nord-Aurdal	1 169 588	1 253 746	-6,7 %
Krisesenter i Ringerricke	§28		Ringerricke	127 304	141 381	-10,0 %
Alarmsentral 110	§28		Hamar	100 498	85 925	17,0 %
IKT Valdres IKS	IKS			3 882 599	4 002 003	-3,0 %
Valdres Brann -og Redningstje	IKS			3 169 113	3 002 550	5,5 %
Støttesenter for incest og seks	IKS			8 005	8 005	0,0 %
Sum				15 679 657	16 204 850	-3,2 %

6 Stab og fellestenester

Målsetjingar

Stab skal arbeide for å gje god service til innbyggjarar og brukarar, nytte ressursane godt, planleggje og handle i tråd lov- og avtaleverk og ift. økonomiske realitetar og politiske vedtak.

Hovudarbeidsområde

Administrasjon, planlegging, personal, rekneskap næringsutvikling og fellestenester.

Talet på tilsette var 10 personar i 2020. Dette utgjorde 8,0 årsverk.

6.1 Personal

Avdelinga har overordna ansvar for at personalarbeidet skjer i tråd med lov- og avtaleverk. Saksbehandling, arbeidsgjevarfunksjonar, rettleiing og rådgjeving for etatane og avdelingane er sentrale oppgåver.

Lokale lønsforhandlingar for tilsette i kap.3 og 5 vert gjennomført som vanleg med verknad frå 01.mai.

Hallingdal og Valdres Bedriftshelseteneste (HaVa BHT) er ein viktig samarbeidspartnar m.a. ved oppfølging av sjukmelde, og deltek i dialogmøte ved behov. Det blir utarbeidd aktivitets- plan for bedriftshelsetenesta kvart år.

NAV Arbeidslivssenteret er òg ein viktig samarbeidspartnarar.

Vang kommunen er knytt til IA- avtale. Vang kommune har vore i prosess med å justere seg inn etter den nye avtalen. Handlingsplan for IA er eit godt verktøy i sjukefråværs- arbeidet. Å følgje opp rutineane for sjukefråver og inkluderande arbeidsliv, aktiv senior- politikk og inkludering av arbeidstakarar med redusert funksjonsevne er prioriterte oppgåver.

HMS-opplegg er på plass på alle nivå. Det blir gjennomført vernerundar i samband med HMS i dei aktuelle verneområda. Vi nyttar «compilo» som er eit system for avviks-behandling, ROS-analyse, kvalitetssikring og dokumentarkiv over alle reglement og retningsliner.

Sjukefråvær

I 2020 var sjukefråværet på 6,1 %, ei reduksjon på 0,1% frå året før. Målsettinga om at 95 % av dei tilsette skal vera på arbeid til ei kvar tid er nesten nådd med eit oppmøte på 93,9%.

Sjukefråvær Vang kommune	
2020	6,1%
2019	6,2%
2018	6,8 %
2017	8,4 %
2016	7,9 %
2015	7,3 %

	2015	2016	2017	2018	2019	2020
Rådmannskontoret /Stab	1,2 %	2,4 %	4,6 %	4,1%	4,1	6,7%
Utdanning og Kultur	6,5 %	5,1 %	7,9 %	5,4%	6,4%	6,4%
Helse og Omsorg	8,7 %	11,8 %	10,1 %	8,4%	7,4%	6,3%
Teknisk og landbruk	7,1 %	4,2 %	4,7 %	7,1%	2,0%	4,1%

Korttidsjukefråvær vs. Langtidsfråvær Vang kommune			
	1-16 dagar	>=17dagar	Total %
2020	1,8%	4,3%	6,1%
2019	1,3%	4,9%	6,2%
2018	1,6%	5,2%	6,8%
2017	1,3 %	7,1 %	8,4 %
2016	2,2 %	5,7 %	7,9 %
2015	3,4 %	3,9 %	7,3 %

7 Utdanning og Kultur

Kommunalsjef : Tommy-René Stordal

7.1 Målsetjingar

- Skule og barnehage skal legge til rette for ei god utvikling for kvart enkelt barn i eit trygt og stimulerande miljø.
- Skulen skal legge til rette for god kunnskapsformidling i samsvar med overordna nasjonale mål, lover, forskrifter og læreplanar.
- Innafor etaten sine einingar skal ein legge til rette for at dei tilsette trivst og opplever personleg og fagleg utvikling.
- Innanfor kulturområdet skal ein støtte opp om lokale tiltak og arrangement, legge til rette for lokale kulturytringar og stimulere tilnyskaping.
- Arbeide for best mogleg ressursutnytting innanfor tildelte budsjetttrammer.



7.2 Hovudarbeidsområde

Grunnskule med skulefritidsordning, barnehage, kulturskule, frivilligsentral, bibliotek, allment kulturarbeid, kulturvern, barne- og ungdomsarbeid, kunstformidling, idrett og friluftsliv, natur- og kulturbasert reiseliv og drift av Vang læringscenter med flyktingteneste og vaksenopplæring.

Talet på tilsette i 2020 var ca 118 + 9 ungdommar i sommarhalvåret. Dette utgjorde ca. 80 årsverk.

7.3 Økonomi

Etaten hadde eit netto mindreforbruk på 6,7 mill kr i forhold til budsjett. Dette skuldast i hovudsak netto mindre utgifter på lønsområdet og meirinntekter på 2,9 mill kr på innan flyktingetilskott etc.. Det har vore redusert aktivitet på fleire område i etaten på grunn av restriksjonar knytt til pandemien i 2020.



7.4 Etatskontoret

På etatskontoret er det kommunalsjef, etatsrådgjevar, barnehagefagleg rådgjevar og kulturfagleg rådgjevar.

Det er faste leiarmøte for dei tilsette på kontoret saman med rektor VBU, inspektør VBU, kulturskulerektor, barnehagestyrarar, biblioteksjef, leiar for frivilligsentralen og leiar for læringscenteret. Dei tillitsvalde deltek etter behov.

Medarbeidarsamtaler blir nytta i alle einingar i organisasjonen.

Innanfor etaten sitt ansvarsområde er det etablert regionale samarbeidsforum for skule, kultur, barnehage, læringscenter, bibliotek, frivilligsentral og kulturskule.

7.5 Rapport frå tenesteområda

I dei følgjande avsnitta kjem rapportar frå dei ulike tenesteområde innan etat for utdanning og kultur.

7.5.1 Fredheim barnehage

Barnehagestyrar: Karin Trøen

Fredheim barnehage er sentrumsbarnehagen med gangavstand til bibliotek, kommunehus, aktivitetsparken, Vang barne- og ungdomsskule.

Fredheim barnehage har to avdelingar. Stor avdeling- Grindagjengen, med plass til 35 barn i alderen 3-6 år. Minste avdeling, Hugagløyten, med plass til 20 barn i alderen 1-3 år.

Hausten 2020 var det 31 barn på stor avdeling og 16 barn på minste avdeling.

I Fredheim barnehage er det tre utedagar på stor avdeling, ein dag for kvart årskull.

I år er barnehagen så heldig å få låne bibliotek-lokala til skulestartarane kvar torsdag formiddag.

Skulestartarane stortrivst med alle tilboda på biblioteket. Fredheim barnehage takkar for eit godt samarbeid i etaten, for å få til ei så god ordning med tilleggslokal.

På minste avdeling er det to utedag fordelt på årskulla.

Barnehagen ynskjer at barna skal få gode erfaringar med friluftsliv og uteliv til ulike årstider. Variert fysisk aktivitet har svært mykje å seia for fysisk helse, psykisk helse, utvikling av motoriske ferdigheiter og kroppskontroll.

Barnetalet

- I hausthalvåret var det tilsaman 46 barn i Fredheim barnehage.
- Talet på barn med anna morsmål var 6.
- Talet på barn med spesialpedagogisk hjelp var 3.
- Talet på barn i tilretteleggingsvedtak var 1 barn.

Tilsette

- Styrar -100 %
- Pedagogiske leiarar – 580 %
- Fagarbeidarar – 459 %
- Ekstraressursar i vedtak- 660%
- Vaktmeister - 30 %
- Reinhaldar - 40 %

Brukarundersøking gjennom Udir.no, for alle føresette.

Foreldreundersøking

Fredheim
barnehage
(2020)

Svarprosent 68 %

Ute- og innemiljø	Resultat: 4,1
Relasjon mellom barn og vaksne	Resultat: 4,3
Barns trivsel	Resultat: 4,7
Informasjon	Resultat: 4,3
Barns utvikling	Resultat: 4,5
Medverknad	Resultat: 3,9
Henting og levering	Resultat: 4,2
Tilvenning og skolestart	Resultat: 4,3
Tilfreds totalt:	Resultat: 4,2

Foreldreundersøkinga har ein svarprosent i år med 68 %, noko som er betre enn i fjor. I Fredheim barnehage er det eit nært og godt samarbeid med foreldre. Trivsel har den høgaste skår, noko som er det aller viktigaste for ei god utvikling.

I høve til utemiljøet har det vore satsing med fleire utedagar. Turane går til Søvelbua, aktivitetsparken og vakre turområde i Vang. Grunna korona gjekk drosjeturar til Åsvang ut.

Korona

Barnehagane var stengt grunna korona frå 13.03-20.04 2020. Avdelingane var opne for barn med foreldre i samfunnskritiske funksjonar.

Fredheim barnehage har sett alt inn på å fylgja alle nasjonale retningsliner for smitteven. Tilsette, barn og foreldre har stilt lojalt opp. I Vang har ein vore heldige med ingen smitta i 2020.

Psykososialt miljø

Det er grunnlag for å seia seg godt nøgd med det psykososiale arbeidsmiljøet i Fredheim barnehage. Med 8,8 i snitt, tyder det på eit grunnleggjande godt miljø. Gjennomsnittet er rundt rekna det same som i fjor. Fredheim barnehage har fått fleire tilsette, noko som førar til større krav til samarbeid og felles grunnleggjande verdisyn. Det er difor gledeleg at satsing på eit godt arbeidsmiljø fører fram. Kvar tilsett har til ei kvar tid, medansvar for å halde oppe eit godt miljø.

Fokuset er SMART: Styrke, medverknad, anerkjenning, relasjon, trening.

Helsedirektoratet framhevar *SmartOppvekst* som døme på nasjonalt folkehelsearbeid, som kan hjelpa til med å gje gode psykososiale miljø.

Smart oppvekst er ikkje ein metode, men eit tankesett, ei anerkjennande grunnhaldning med fokus på ressursar i staden for på problem; på styrkar, på sosial kompetanse/trening, medverknad, anerkjenning og gode relasjonar. Det er viktig å sjå dei gode sidene hjå kvarandre, bygge opp dei gode eigenskapane og styrkene hjå kvar einskild.

Visjon i Smart oppvekst er at livet består av både med – og motgang. Dei som taklar motgang best er dei som har god sjølvkjensle, eit optimistisk tankesett og tru og håp for framtida.

Ein metode for å jobbe etter dette, er å bruke bøkene og verktøyet som er gjeve ut av *SmartOppvekst*, for dei ulike trinna i grunnskulen. Barnehagen og grunnskulen vil bruke verktøyet, bøkene og tilpasse *SmartOppvekst* til tilhøva i Vang.

Pedagogiske opplegg :

Resultatvurdering

- Barnehagen arbeider for målsetjingane i SmartOppvekst.
- Det har vorte gjennomført kurs i SmartOppvekst for alle tilsette.

- **Styrkefokuset vil verta sentralt.** Fokus på personlege styrkar og eigenskapar gjev engasjement og oppmuntring i eit godt miljø. Forsking syner at det ein set fokus på vert det meir av. Då bygger ein sterke kollektiv som deler, hjelper og støttar i alle moglege samanhengar. *Kroppen* er eit stort tema, og ikkje minst eit *viktig* tema, så barnehagen kjem difor til å jobbe med dette gjennom heile året. Temaet kjem til å bli delt inn i fleire kategoriar, både det ein kan sjå og det ein ikkje kan sjå.

Helse miljø og sikkerheit vert prioritert gjennom ros- analyse og kontrollar, med strenge rutinar for sikkerheit ute og inne. Det vert halde brannøvingar to gonger i året, vernerundar kvart år og sjekkrundar -vår og -haust. På våren er teknisk etat med på befaringsavtale uteområdet. I desember 2020 vart covid-19 beredskap lagt inn i ROS analysa.

Planar og tiltak framover

- Ny pedagognorm tredde i kraft 01.08.2018. Krav om fleire pedagogar har ført til nye utlysingar av ped. leiar- stillingar. Utfordringa i år har vore å få tak i utdanna ped. leiar. Normen er 1 pedagog pr. 7 barn under 3 år og 1 pedagog pr. 14 barn over 3 år.
- Fortsette med god fagleg teamrettlegg av styrarane i barnehagen, og oppfylgning av ramme- og lovverk.
- Fortsette arbeidet med implementering av rammeplan.
- Opprettehalde full barnehagedekning og legge til rette for eit trygt og godt barnehagemiljø.
- Fokus på handlingar og haldningar for barn, føresette og tilsette
- Overgang heim/barnehage- barnehageavdelingar i mellom, og barnehage/skule
- Styrke samarbeidet med føresette

Økonomi:

Fleire vedtak om spesielle behov i Fredheim barnehage auka utover året 2020. Dette har ført til større utgifter på lønspostane.

Budsjett / økonomi- 2020 er gjennomgått for barnehagane og vert oppsummert ved kommunalsjefen.

Nye tiltak

Barnetalet vil auke frå januar -21.

Barnetalet nærmar seg på grensa for fullt i Fredheim barnehage. Ein må og ta med i vurderingane at kvart vedtak om spesialpedagogisk hjelp, krev meir plass til trening i åleinerom.

Fredheim barnehage ventar på at teknisk etat skal setja istand kjellarlokala. Tilleggsareal vil verta ekstra viktig framover.

Tilsette har ynskje om ei grillhytte på uteområdet. Den vil avlaste inne- området. Summen er kostnadsrekna til 55.000.

Tusen takk til barn, tilsette og foreldre for eit godt gjennomført år, i eit flott samarbeid.

7.5.2 Høre barnehage

Barnehagestyrar: Yvonne Mæland

Vikarierande barnehagestyrar: Heidi Kvale

Høre barnehage ligg lengst sør i Vang kommune, og er den største barnehagen i areal. Barnehagen fungerer som ein to-avdelings barnehage, med tilsaman 24 barn mellom 1-6 år. Av desse er det 19 storbarn og 5 småbarn, tilsaman 29 plassar.

Høre barnehage er og barnehagen som Hero Vang mottakssenter nyttar til sine barn. Det har vore 12 barn fram til nyttår 2020 som har nytta barnehageplass i Høre barnehage. 11 frå alderen 3-6 år og 1 i alderen 1-2 år.

Tema for barnehageåret 2020-2021 i Høre barnehage er: «No er du liten – snart er du stor». Ideen bak årets tema er henta frå boka til Lisa Aisato som heiter «et års god natt – snart sover du». Men me har valt å kalle tema «No er du liten – snart er du stor», da dette representerer barnehagelivet meir. Boka har masse fargerike bilder, som skal brukast til utgangspunkt for pedagogiske opplegg, prosessar, samtalar, undring og læring. Mens personalet nyttar kreativitet, fleksibilitet og medverknad frå barna til å la året forme seg sjølv innanfor valt tema. I tillegg jobbar Høre barnehage med Smart oppvekst, ettersom Vang kommune har valt å bli smart kommune. Det vil si at dette temaet har vore i samarbeid med både Fredheim barnehage, Vang barne- og ungdomsskule og resten av kommunen.

Smart oppvekst står for: Styrke, medverknad, anerkjening, relasjon og trening. Det grunnleggjande arbeidet skal handle om styrkebasert opplæring, gjera barn og unge robuste og i stand til å møte og takle utfordringar i eit komplekst samfunn i stadig endring. Det skal førebu dei på livsmeistring, som er eit nytt tema i den nye læreplanen med tidleg og varig innsats knytt opp mot rammeplanen for barnehagane. Det er ei anerkjennande grunnhaldning med fokus på ressursar i staden for på problem; på styrkar, på sosial kompetanse/trening, medverknad, anerkjening og på gode relasjonar. Det er viktig å sjå dei gode sidane hjå kvarandre, og byggje opp dei gode eigenskapane og styrkane hjå kvar einiskild. Ta kvarandre i å gjera noko bra, er eit spanande prosjekt. Tankesettet støttar det å lyfte eigenskapar me vil ha meir av.

I november 2019 starta ein av pedagogane i Høre på SMART trenarutdanning. Pedagogene skulle ha vore ferdig med studiet i oktober 2020, saman med ein lærar på VBU og ein pedagog ved

Fredheim barnehage, men grunna koronasituasjonen er ikkje studiet ferdig enda.

Høre barnehage er i gang med eit utviklingsprosjekt i samarbeid med HINN, kvar barnehagen har fokus på aksjonsforskning. Tema for dette utviklingsarbeidet er: «foreldresamarbeid». På grunn av gode resultat frå fjorårets foreldreundersøking, ønska barnehagen å finne ut kvifor foreldra i barnehagen var så fornøgde, og kva dei la i svara dei hadde gitt.

Årets foreldreundersøking gjennom Udir.no vart gjennomført i november/ desember 2020. 63,2% av dei føresette svara på foreldreundersøkinga, noko som er ein lågare svarprosenten enn i fjor.

Den totale scoren i Høre barnehage er på 4,86 poeng, der 5 er høgast. Denne scoren er over både lands- og fylkessnittet.

Ståstadsanalysen vart gjennomført november 2020, og ei ny ståstadsanalyse skal gjennomførast våren 2021.

Barnehagane sitt uttalte mål når det gjeld analysen, er å ligge på jamt over 80 % og dermed vere i kategorien «grøn», noko som vil seie at praksis er tilfredsstillande. Høre barnehage ligg over 80%, og har ein tilfredsstillande praksis, men det vil ikkje seie at ein skal «kvile på lauvbæra», men halde fram med all god jobbing i barnehagen.

Barnehagane i Vang har ein felles visjon: «Vi løftar barna fram». Denne visjonen seier at alle vaksne i barnehagen skal sjå kvart barn, høyre kvart barn, la kvart barn få utvikle seg sjølv, men med støtte og hjelp av engasjerte og motiverande vaksne.

Barnehagen er fyrste ledd i utdanninga. Der legg ein til rette for utvikling og positive utfordringar. Dei vaksne har som mål å skapa magiske augneblink saman med barna. Fokuset er å vera anerkjennande, vise glede, ha humor og vera ansvarsbevisste.

Planar og tiltak framover

- ✓ Utdanne Smart-trenar
- ✓ Utviklingsarbeid igjennom HINN og Smart oppvekt
- ✓ Fortsette med god fagleg teamretteiing
- ✓ Fokus på handlingar og holdningar for barn, føresette og tilsette
- ✓ Overgang heim/barnehage- barnehageavdelingar i mellom, og barnehage/skule

7.5.3 Vang barne- og ungdomsskule

Rektor: Tor Nordaas

Vang barne- og ungdomsskule er den største arbeidsplassen i etaten. Skulen hadde i oktober 2020

184 elevar, ein liten nedgang frå året før, og 43 tilsette.

Koronapandemien sette eit sterkt preg på året 2020 for VBU. I perioden 15. mars - 12. mai var skulen nedstengt som følgje av nasjonale smitteverntiltak. I denne perioden fekk elevar fjernundervisning, gjennom bruk av Microsoft Teams, og andre digitale løysingar. Lærarane sin undervisningsmetodikk måtte gjennom raske og omfattande endringar. Dette gjekk bra, og lærarar hadde ei stor utvikling når det gjeld digital kompetanse. Elevar som var definert inn i sårbare grupper, og elevar med foreldre i kritiske samfunnsfunksjonar fekk raskt eit tilbod på skulen. Tida etter nedstenginga har vore prega av strenge smitteverntiltak, m.a. med handhygienerutinar, og sikring av avstand gjennom oppdeling av «kohortar». Møte- og samarbeidstid har for ein stor del gått føre seg digitalt, som på Teams, Zoom osv.

Ved Vang barne- og ungdomsskule vert det jobba i høve til følgjande overordna mål: *Vi ynskjer å vere ein skule med eit inkluderande miljø, der elevar opplever meistringskjensle og læringsglede. Vi ynskjer å utvikle robuste elevar som er i stand til å takle både medgang og motgang.*

VBU ynskjer også å vere ein skule der tilsette trivst, og opplever personleg utvikling, gjennom godt samarbeid i eit fagmiljø som baserer arbeidet på kunnskap.

I 2020 har «SMART oppvekst» - satsinga i samarbeid med andre avdelingar i etaten, halde fram. Alle klassane på VBU arbeider med SMART tanke settet, integrert med arbeid i skulefaga. I tillegg til arbeid med den nye læreplanen, «Kunnskapsløftet 2020» som vart gradvis innført frå 1. august 2020, har SMART vore eit prioritert område i fellestida til lærarane.

Totalbudsjettet for VBU var i 2020 på kr. 25.136.000,-. Målet har vore å gje eit best mogeleg tilbod til elevane innanfor budsjetttramma. Den klart største delen av budsjettet er lønsmidlar. Kompetente og dyktige lærarar og assistentar er kanskje den viktigaste enkeltfaktoren for eit godt skuletilbod. Når det gjeld innkjøp av materiell og læremiddel er det viktig at ein har oppdaterte læringsmiddel og utstyr og gjer fornuftige prioriteringar. Bygningsmassen held etter renoveringa god standard, men ein ser at godt vedlikehald og reinhald er viktig for å ta vare på bygget.

Resultatvurdering

5 klasse hadde ein klar oppgang på nasjonale prøver i høve til året før. I engelsk har klassen fått 49 skalapoeng, i lesing 47 skalapoeng, mens i rekning 48 skalapoeng. Resultatet for landet er 50 skalapoeng.

På 8. trinn oppnådde gruppa 45 skalapoeng i engelsk, 46 i lesing og 45 i rekning. 9. trinn oppnådde 50 skalapoeng i lesing og 48 skalapoeng i rekning. 9. klasse-kullet har hatt litt svakare utvikling enn 9.-klassingane nasjonalt sidan 8. klasse, mens dei har hatt tilsvarande betre utvikling enn 9.-klassingane nasjonalt i rekning.

Avgangskullet i 2020 oppnådde i gjennomsnitt 46,8 grunnskulepoeng, mot 43,1 for nasjonen. Eit svært godt sluttresultat med andre ord! Med bakgrunn i pandemien vart både skriftleg og munnleg eksamen avlyst for dette kullet. Dette var ei nasjonal avgjersle.

Med relativt små elevkull som det er i Vang så ser ein at resultatata svingar ein del.

Elevundersøkinga skuleåret 2019-2020 viser svært gode resultat for 10. klasse.

Elevundersøkinga viser også 0% mobbing i dette kullet. For 7. klasse er resultatata i elevundersøkinga meir gjennomsnittlege, utan at noko er alarmerande svakt. På enkelte område skårar elevane i Vang

noko høgare enn nasjonalt. På andre område skårar elevane i Vang noko lågare enn nasjonalt. Også på 7. trinn viser elevunderøkinga 0% mobbing. Skulen prioriterer arbeid for elevmiljø, tufta på SMART oppvekst, høgt! Elevane opplever å ha god medverknad. Vi har låg terskel for å gripe tak i, og følgje opp dei tilfella vi har av mobbing og mistrivsel.

Rekneskapan viser eit mindreforbruk på kr. 1.983.117,-. Årsoppgjeret viser at 92,1% av totalbudsjettet er nytta.

Utfordringar framover

Utviklingsarbeid som følgje av den nye læreplanen som vart innført frå 1. august 2020, vil framleis krevje tid og betydeleg innsats. Vi held også fram det gode arbeidet som føregår innanfor SMART oppvekst.

Skulen har fått midlar til nye leikeapparat. Vi vil i tillegg forsøke å skaffe søknadsmidlar for å få til eit større tilbod. Ei prosjektgruppe ved skulen er sett ned for å arbeide med dette.

Teknologiutviklinga går raskt og fleire av dei interaktive tavlene er modne for utskifting. Dei fyrste 3 tavlene blir skifta tidleg i 2021, og planen er vidare å skifte 3 stk kvart år.

7.5.4 Kulturskulen

Rektor: Oddbjørn Skeie

Resultatvurdering:

Det var 64 elevplassar i kulturskulen i 2020, og dette er ein nedgang på 32 elevar frå året før. Dette skuldast i stor grad Korona. Av desse 64 elevplassane er 43 elevar i grunnskulen, som er 23 % av elevtalet i grunnskulen (184). Norsk kulturskuleråd sin målsetting er 30%, så her er kulturskulen litt under.

«Korps i skulen» er framleis med, og dette er eit samarbeid mellom korps, grunnskule og kulturskule i Vang.

På grunn av Korona så har mykje vore annleis dette året, men lærarar i kulturskulen har takla dette på ein god og sporty måte. Våren 2020 så var det mykje undervisning på Teams, og dette fungerte etter forholda bra. Gruppeundervisning var vanskeleg, sjølv om lærarar løyste dette på for eks mail.

Åtte kvinner og fem menn arbeidar i Vang kulturskule, og alle har deltidstilling. Dei fleste har små stillingar.

Elevar i grunnskulealder	43	Over grunnskulealder	3	Total	46	
Årsverk: Mot elevar	166%	Korps/kor/Vangsheimen	76%	Rektor	40%	
Fag:	Hardingfele	5	Song	2	Gitar	11
	Cello	2	Munnharpe	1	Piano	10
	Fiolin	1	Kornett/blås	1	Slagverk	5
	Langeleik	2	Showdance	20	Rockeverkstad	6
	Kunst/teikning	6	Barnekor	9	Tradisjonsong	1

Dette er det totale talet på elevar på kvart instrument, nokon gjekk på våren, nokon gjekk på hausten og nokon var med heile året.

Kompetanseutvikling:

Vang kommunestyre har vedteke at vi skal bruke Rammeplanen for kulturskulen «Mangfald og utvikling», og difor blir implementering av denne viktig no framover. Dette vil vere med å kvalitetssikre undervisninga i kulturskulen og dermed og føre med seg kompetanseutvikling.

Foreldresamarbeid:

Vang kulturskule har eit Samarbeidsutval som møtast ei gong i året, og her blir linene for kulturskulen lagt. Dei er med og evaluerer neste skuleår sin aktivitet, samt at dei evaluerer årsmelding for førre skuleår. Det er Vang kulturskule sitt mål at foreldre skal aktivt inkluderast i kommunikasjonen rundt undervisninga til eleven, og at dei skal aktiverast rundt våre konsertar.

Arrangement:

På grunn av Korona så vart vårkonserten avlyst. Det var ingen arrangement frå kulturskulen i vårsemesteret. I haustsemesteret så hadde kulturskulen ein huskonsert i auditoriet på VBU, og ein julekonsert i Vangshallen. Begge konsertane vart gjennomført etter gjeldande reglar for smittevern. Julekonserten vart delt inn i tre kohortar etter alder, og det har kome gode tilbakemeldingar rundt denne.

Det har og vore lærarar som har hatt småkonsertar i klassetrinn i grunnskulen.

Planar framover:

Vang kulturskule har hatt ein nedgang i talet på elevar og elevplassar under Korona. Etat for Utdanning og kultur har likevel gjeve kulturskulen det same budsjettet for komande år, og det er eit mål at elevtalet skal tilbake til same nivå som før Korona kom. Lærarane har ønske om mellom anna å profilere sine elevar i deira egne klasser.

Vang kulturskule sitt mål er å vera inkluderande og trygg arena for all type kultur, og samtidig utvikle meistring ved å utøve eit kreativt fag som for eks. piano eller dans.

Vang kulturskule ønsker i framtida å oppretthalde og vidareutvikle sitt kulturskuletilbod, og å vere eit lokalt ressurscenter for kulturell utfalding i lokallivet. Dette gjeld for eksempel dirigenttenester til kor, korps og eit godt samarbeid med barnehage og grunnskule.

7.5.5 Vang læringscenter og bufelleskapet Gullringen

Leiar: Kristin Venås

Tal på tilsette er 4 lærarar, i frå 20 til 70 prosent stilling, samt flyktningkonsulent i 100 % stilling, og leiar i 100 % stilling.

Norskopplæring for asylsøkarar og arbeidsinnvandrarar

Læringscenteret har ansvar for vaksenopplæring innan norsk og samfunnskunnskap, samt «Norsk kultur og norske verdiar», for i all hovudsak asylsøkarar frå Vang mottakssenter. Asylsøkarane har desse tilboda:

- Asylnorsk inntil 175 timar medan dei ventar på behandling av saka si

-
- Rett og plikt til 600 timer norsk og samfunnsfag når dei får opphald i Noreg og ventar på å få tildelt kommune.
 - Dei som har uavklarte søknader har rett og plikt til å delta på 50 timer med «norsk kultur og norske verdier».

Samstundes har læringscenteret tilbydd arbeidsinnvandrarar å delta på skulen så lenge det passar for dei med skule på dagtid. Dette verkar å vere ein god løysing, då arbeidsinnvandrarar kan delta i dei ulike gruppene på deira nivå. Læringscenteret tilbyr i tillegg arbeidsinnvandrarar å delta på eksamen gratis.

Introduksjonsprogrammet

Læringscenteret har ansvar for busetjing etter politisk vedtak, og skal i tillegg organisera introduksjonsprogram for busette flyktningar. På tampen av 2020 vart det gjort vedtak om familiegjenforeining for ein av dei busette flyktningane i Vang, som vil busetjast i 2021. Elles var det ingen nye busettingar i 2020.

Introduksjonsprogrammet går ut på kartlegging, oppfølging og målretta rettleiing mot utdanning eller arbeid. Introduksjonsprogrammet inneheld 37,5 veketimar, fordelt på norsk, arbeidslivkunnskap, samfunnskunnskap, språkpraksis, samt heimearbeid i den digitale læringsportalen «Min vei». Nytt i 2020 var også å setje av ein del timar til digital kompetanse. Dette er eit viktig tema å ha fokus på, då det meste i dagens samfunn foregår digitalt.

Korona

Våren 2020 var prega av stengde skular. Då var det om å gjere å tenkje nytt, på korleis læringscenteret kunne tilby elevane ein form for undervisning under nedstenginga. Utfordringa for nokre av elevane er digital kompetanse, og dermed var det også meir komplisert å gjennomføre undervisning på Teams. Nokre oppgåver vart levert på papir, mens nokon kunne jobbe på digitale plattformer. Introduksjonselevane fekk ein del oppfølging per telefon, og med heimeoppgåver som også innebar å vere i fysisk aktivitet.

7.5.6 Gullringen bufellesskap

I 2020 gjekk det frå 5 tilsette på Gullringen fram til juni, til ein nytilsett flyktningkonsulent i 100 % stilling, med ansvar for alle busette flyktningar generelt, men med ekstra ansvar for bufellesskapet spesielt. Våren 2020 vart spesiell då dei vidaregåande skulane vart stengd. Då opplevde dei tilsette gleden av å kunne ønskje «våre» ungdommar velkomen «heim», slik at alle kunne få hjelp til å følgje undervisninga heimefrå.

I 2020 har fleire av ungdommane frå Gullringen valgt å flytte tilbake frå hybel på Leira til Vang. Nokon har lærlingplass i Vang, og nokon kjenner på tryggheten med å vere «heime». Dei brukar Vangshallen til trening, ein fekk førerkort i 2020, og elles så blir dei langsiktige måla tydelegare for kvar månad som går. Vi er stolte over kva ungdommane har fått til, mtp den historia dei har med seg. Fleire nærmar seg avslutning på vidaregåande og ein overgang til lærlingelivet, eller vidare studiar og arbeid. Dei tilsette ser viktigheiten av å vere tilgjengelege for trygging, samtalar og rettleiing framover.

Framtidsplanar:

Framover vil Læringscenteret vere prega av færre busettingar og færre elevar frå mottaket. Dette vil påverke både økonomi og undervisning framover. Dessverre går stadig elevtalet nedover, etter kvart som elevane frå mottaket får vedtak og busetjast i andre kommuner.

Læringscenteret skal våren 2021 ta i mot ein familiegjenforeining av 8 personar, som vil ha behov for norskundervisning, introduksjonsprogram og anna tilrettelegging.

Den nye integreringslova trådde i kraft i januar 2021. Dette vil på nokre område påverke arbeidet framover. Likevel vil alle introduksjonselevane følgje den gamle introduksjonslova, då alle har vedtak frå før 2021. Den største endringa vil vere at læringscenteret skal bidra meir inn med kartlegging av dei asylsøkjjarane som har fått positive vedtak. Læringscenteret vel også å dra inn element frå ny lov som ein meiner er nyttig å starte med, som å tilby foreldrerettleiing som ein del av introduksjonsprogrammet.

Fokuset framover vil også vere å tilby grunnskule for vaksne. I tråd med den nye integreringslova, vil fokuset på grunnleggjande ferdigheiter og kvalifisering vere sterkare. Læringscenteret finn det viktig å satse på opplæring i grunnleggjande ferdigheiter for dei vaksne flyktingane som ikkje har grunnskule frå heimlandet.

Vidare vil det også jamleg bli tilby norskeksamemar i skriftleg, munnleg, lytting og lesing for dei som har behov for det.

Vidare er behovet for rettleiing og samarbeid med andre instansar fortsatt stort for dei busette som har vorte busett dei siste fem åra, og som er ferdig med introduksjonsprogrammet. Her har kommunen eit ansvar for å følgje opp vidare planar og samarbeide med NAV, karrieresenter og vidaregåande skule.

7.5.7 Vaksenopplæringa etter opplæringslova kap. 4A

Omfanget av tilsette er 66% lærarstilling og ein 40 % assistentstilling.

Vaksenopplæringa tilbyr opplæring til vaksne etter opplæringslova kap. 4A (grunnskule og spesialundervisning). Undervisningslokala er i aktivitetsbygget ved Lund.

Det er individuelle planar for kvar elev, og det er eit tett samarbeid med Lund arbeidsbase, bustad og verger. Instansar som habiliteringsteneste, PPT og hjelpemiddelsentral blir brukt etter behov. I 2020 har elevane fortsatt med symjing på VBU, både i stort basseng og i terapibasseng. Gymsal er og i bruk av enkelte. Fast timeplan og fast struktur har hatt god effekt for elevane.

Korona prega også undervisninga på vaksenopplæringa, og det vart laga alternative løysingar då skulane vart stengd ned. Lærar og assistent vart meir mobile, og fokuset på fysisk aktivitet vart sterkare.

7.5.8 Bibliotek

Biblioteksjef: Åsta Brenna/Marianne Riste

Lov om folkebibliotek har følgjande formål: «Folkebibliotekene skal ha til oppgave å fremme opplysning, utdanning og annan kulturell verksemd, gjennom aktiv formidling og ved å stille bøker og andre mediar gratis til disposisjon for alle som bor i landet. Folkebibliotekene skal være en uavhengig møteplass og arena for offentlig samtale og debatt.»

2020 vart eit annleis-år for Vang folkebibliotek som for alle andre. Drifta var normal i januar og februar med arrangement i samarbeid med Vang Frivilligsentral. Bok i butikk opna hjå Joker Ryfoss, Bibliogames vart gjennomført, morsmålsdagen vart feira og saman med Norges sjakkforbund hadde biblioteket sjakkskule og sjakkklubb i vinterferien. Medio mars vart Noreg stengt ned grunna Covid-19:

- 12. mars: biblioteket vart heilt stengt, faste aktivitetar og andre arrangement vart avlyst. Bøkene i Bok i butikk på Filefjell og i Ryfoss vart henta inn.
- 3. april: biblioteket opna for at lånarane kunne bestille bøker for henting.
- 23. april: biblioteket tok imot bøker i retur att.
- 18. mai: biblioteket opna for utlån og innlevering, men ikkje noko opphald i lokala
- 10. juni: norsktimen med Elisabeth tok til att
- 25. august: bøker vart sett ut att hjå Joker Filefjell og Joker Ryfoss
- Ut året gjaldt regelen om at biblioteket ikkje er ein stad å vere utan å ha eit ærend, lekseklubb gjekk som normalt og «Niste med noko attåt» starta opp på hausten.

Medan biblioteket heldt stengt marknadsførte vi ulike digitale tenester, både lokale og nasjonale. Litteraturhuset hadde fleire digitale arrangement som vi gjorde kjent på biblioteket si facebook-side.

Hausten var meir lik normalen. Saman med Vang Frivilligsentral vart til saman 10 arrangement gjennomførte i tillegg til dei faste aktivitetane. Arrangementa vart annonsert med påmelding. Det var eit tak på 40 deltakarar pr. arrangement, liste over oppmøtte vart oppbevart i 14 dagar i tilfelle smitte. Vi hadde ikkje smitte på nokon av våre arrangement.

Målet om å vere ein sosial og kulturell møteplass vart vanskeleg å nå i 2020, naturleg nok. Den kraftige nedgangen av besøkande stadfestar det; drøye 13500 besøk, berre litt over halvparten av besøkstalet for 2019. Det har likevel ikkje vore store endringar på utlån av fysiske materiale; stabilt på barnebøkene og 15% nedgang for vaksnebøkene. Det var ei stor auke i bruk av digitale tenester som bookbites etter nedstenging.

Planane om digihjelp, bibliotekplan og nye nettsider for Vang folkebibliotek vart lagt på is til ny biblioteksjef er på plass.

Biblioteksjefstillinga vart utlyst to gonger. Marianne Riste tok til i stillinga 1. oktober.

Historisk biletsamling: På hausten var Dagny Britt Frøyen på biblioteket ein dag i veka og tok i mot vangsgjeldingar som hadde bilete dei ville bidra med eller detaljar om bilete som allereie låg i basen. Bilete til og med 1990-talet er no inkludert i biletsamlinga.

7.5.9 Frivilligsentralen

Leiar: Marte Tangen

Frivilligsentralen har eige styre, og Ragni Havro Almenning har vore styreleiar i 2019. Det har vore 4 styremøte gjennom året, samt årsmøte 19.2.20.

Hovudmålet til frivilligsentralen er å vere ein katalysator for frivillig verksemd i Vang, gjennom visjonen «møte mellom menneske».

Delmål og korleis desse har vore løyst i 2020:

Delmål 1: Vere ein sosial møteplass på tvers av alder, bakgrunn og interesser

- Sentralen har ope 3 dagar i veka, og mange bruker normalt lokala til å studere, låne datamaskinar, spele spel osv. 12. mars stengte dørene. Frå 2. mai opna sentralen gradvis opp, med visse restriksjonar, som at det berre er ope for ærend. Det har difor vore generelt lite besøk, og det har ikkje vore ein sosial møteplass som normalt.
- Saman med biblioteket og andre har sentralen arrangert 16 enkeltarrangement i 2020. Om lag 1190 deltok på desse arrangementa og på faste aktivitetar.

Delmål 2: Vere ein støttespelar for frivillige lag og eksisterande aktivitetar i kommunen

- Samhandlinga med frivillige lag har dette året først og fremst handla om informasjon knytt til koronasituasjonen. Dagleg leiar bidrog frå mars og fram til sommaren også i kommunen sin infostab.

Delmål 3: Auke det eksisterande tilbodet der det er behov

- *Oppdrag* - I 2020 har det ikkje vore nokon enkeltoppdrag. Det har vore både ein nedgang i henvendingar, samt at det er utfordrande å finne frivillige. Sidan koronapandemien råka har frivilligsentralen generelt vore tilbakehalden med å formidle frivillige til private oppdrag.
- *Koronatiltak* - Då sentralen stengte prøvde ein å skape nye tilbod tilpassa situasjonen. Tenesta *Telefonvenn* vart etablert i samarbeid med Røde Kors Omsorg, og sentralen tilbaud matbutikkane å rekruttere frivillige til handlehjelp. Publikum vart også bedd om å melde inn behov og forslag. Det var ikkje noko særleg respons på noko av dette. Det er vanskeleg å svare på om ikkje informasjonen nådde ut eller om behova ikkje var til stade.
- *Niste med noko attåt* - Etter sommaren starta sentralen ein ny fast møteplass, måndagar i lunsjtid.
- *Andre faste aktivitetar* - Lekseklubben, middagserveringa på Storplogen og norsktimen har vore operative fram til 12. mars og etterkvart som det vart opna opp, med til saman 14 frivillige. 5 frivillige har øvingskøyrt til saman 41 turar med 7 elevar i 2020. 1 av elevane har tatt lappen i 2020.
- *Julegåvedugnad* - Sentralen har tatt i mot og pakka inn julegåver som tidlegare år.
- *BUA* - 13.2.20 vedtok kommunestyret å sette i gang etablering og drift av ein utstyrssentral, etter at saka har vore jobba med sidan 2018. Gjennom året vart det avklart og satt i stand lokale, kjøpt inn utstyr, teikna partnarskapsavtale med BUA, og klargjort for opning i starten av 2021.

Delmål 4: Vere ein synleg og påliteleg aktør for heile bygda

- Frivilligsentralen har eiga nettside og facebookside som publiserte 129 innlegg i 2020. Det blir også jamleg publisert saker i menighetsbladet og avisa samt plakatar og nyheitsbrev.

Frivillige

39 frivillige har utført om lag 500 timar med frivillig arbeid for sentralen dette året. Av desse er om lag 54% kvinner og 46% menn. 30% er bebuarar på mottaket. 38% er pensjonistar.

Økonomi

Kommunen fekk dette året kr 440 000,- frå staten for å ha frivilligsentral. Sentralen fekk også kr 100 000,- frå Gjensidigestiftelsen for å drive med 'meistring og læring.' Delar av desse midlane er overført til 2021. Samla driftsregnskap: kr 818 036,-

Regionalt arbeid

Dagleg leiar har engasjert seg i arbeidet for å reversere at statstilskotet frå 2021 skulle baserast på innbyggjartal. 17.6.20 vedtok Stortinget at 'finansiering av frivilligsentraler over-føres til et øremerket tilskudd på Kulturdepartementets budsjett fra 2021 for å sikre finansiering til frivilligsentraler i både små og store kommuner', og sentralar over heile landet jubla.

Tilsette

På Norges Frivilligsentraler sitt landsmøte i oktober vart Vang frivilligsentral sin daglege leiar valt til styreleiar, for to år. Ho søkte difor 20% permisjon. Ein ny medarbeidar vart tilsett i 20%, med BUA som sitt ansvarsområde.

Planar og tiltak framover

Hovudprosjektet i 2021 blir å få BUA til å bli ein godt kjent og mykje brukt utstyrsentral, og å gjennomføre sosiale møteplassar og arrangement i så stor grad som smittevernreglane tillèt. Vi har framleis att midlar frå Gjensidigestiftelsen til 'mestring og læring', så også programma i 2021 vil by på kurs og verkstader.

Utfyllande handlingsplan og årsmelding er publisert på www.vang.frivilligsentral.no

7.5.10 Logopedtenesta

Logoped: Solveig Heimlid

Vang kommune har ein 20% stilling som kommunelogoped. Stillinga består i logopediske oppgåver for oppveksteininga. Mål for arbeidet er å hjelpe barn og unge i barnehage- og grunnskulealder med ulike utfordringar. Døme på dette er uttale- og artikulasjonsvanskar, fonologiske- eller utviklingsmessige språkvanskar, taleflytvanskar, lese- og skrivevanskar, matematikkvanskar der ein kan sjå at det er språkvanskar som ligg til grunn, ulike diagnosar der språkvanskar er ein del av tematikken, og fleirspråklegheit der språkvanskane er med på å hemme språkutviklinga. Totalt har logopeden i 2020 jobba med 14 barn.

Logopeden i Vang har eit tett samarbeid med andre aktørar kring barnehagebarna og elevane. Logopedtenesta har kontor plass på Vang barne- og ungdomsskule. Logoped har i 2020 vore med på nokre nyttige nett-kurs i regi av Statped, eit om taleflytvanskar, eit om tilpassa opplæring og eit om språk-appar. Logopedkontoret skal kjøpe inn språktesten Celf4 og noko anna materiell. Det faglege samarbeidet med pedagogar og assistentar har fungert godt.

Det blir utført eit godt og systematiske arbeidet av kommunelogopeden.

7.5.11 Idrett og friluftsliv

Også i 2020 har ungdom vore i arbeid med vedlikehald, rydding og merking av turstignettet, som utgjer 60 turar på til saman ca. 300 km, alle omtala i turhandboka for Vang som også finst i

digitalisert utgåve. I 2020 har det også vore brukt ressursar på vedlikehald av Kongevegen frå Kvam til Filefjell. Elles er det m.a. gjeve tilskot til idrettslaga via Vang idrettsråd.

7.5.12 Ungdomsarbeid

I 2020 har etaten m.a. gjennomført/støtta opp om følgjande tiltak for ungdom: ungdomsrådet, ungdomsklubben, UKM.

Nokre arrangement som det er tradisjon for gikk ut i 2020 grunna korona-restriksjonar og smittefare. Dette gjaldt m.a. aktivitetstur til Lillehammer før jul og det ramma også den planlagte auka av klubbkveldar i ungdomsklubben.

Det er vanskeleg å skilje ut tiltak for ungdom frå dei mange aktivitetane som får støtte over kulturbudsjettet. Tiltak for ungdom blir høgt prioritert, og det beste er at ungdommen sjølv viser initiativ og har framlegg som etaten kan støtte økonomisk og/eller med anna hjelp. Ungdomsrådet har ein eigen pott i budsjettet, p.t. 30.000,- til disposisjon.

7.5.13 Kino

Det har i 2020 vore 2 kinokveldar på våren og 4 på hausten med visning av ein barnefilm og ein vaksenfilm kvar gong. Filmframvisinga er med Bygdekinoen i auditoriet på VBU og med ei lokal dugnadsgruppe som tilretteleggarar. Den noko reduserte aktiviteten i 2020 skuldast begrensningar på grunn av korona-pandemien. Den lokale dugnadsgruppa skal ha ros for at dei stiller opp for eit kino-tilbod i Vang.

7.5.14 Kulturvern

Vang kommune gjev årlege tilskot til Valdres folkemuseum og folkemusikkarkivet, og eig og står for drift og vedlikehald av Liabø støls- og utmarksmuseum. Her er det undervisnings- opplegg med formidling av kunnskap om støling og bruk av utmarka. Kommunen har også ansvar for vedlikehald av Vinjebue og Leinekvernene.

7.5.15 Arrangement og økonomisk støtte

Etaten har vore hovud-/medarrangør for m.a.: UKM, klubbkveldar, utstillingar, konsertar og div. arrangement i biblioteket.

Vang kommune brukar årleg over 1 mill. kr av kulturbudsjettet i økonomisk støtte.

7.5.16 SFO

Det ordinære SFO-tilbodet i skuleåret har gått som normalt med unntak av perioden frå koronanedstenging i mars og fram til sommarferien. Økonomisk gikk dette også ut over inntektene i ordninga, da det frå sentralt hald vart gitt føringar på at det ikkje skulle takast brukarbetaling når ordninga ikkje vart gitt på ordinært vis.

Ferietilbodet i SFO var ikkje nok etterspurt sommaren 2020 til at det vart realisert. I vinterferien 2020 var det ferie-SFO på Lokreim gard som er eit «Inn på tunet»-tilbod.



8 Helse- og omsorg

Kommunalsjef helse og omsorg: Guro Råheim Kvam
Konstituert kommunalsjef: Tommy-René Stordal

8.1 Overordna kommentarer til økonomien i etaten

Helse –og omsorgsetaten hadde eit netto mindreforbruk på 6,2 kr i 2020. Innan løn –og personalområdet er det i denne etaten brukt 2,7 mill kr mindre enn budsjett. Koronarelaterte meirutgifter er i stor grad kompensert.

Drift -og vedlikehaldsutgifter til bygningar i etaten er i større grad enn føresett i budsjettet bokført på etaten Landbruk Teknisk. Dette gjer også utslag til samla mindreforbruk på Helse og Omsorg i 2020.



8.2 Helse- og omsorgssjefen med stab.

Merkantil stab, rådgjevar, folkehelsekoordinator og kommunalsjef.

Tilsette Årsverk

Etatssjef	1	1
Rådgjevar	1	1
Merkantil stab	2	1,50
Folkehelsekoordinator	1	0,2

Kommunalsjefen møter fast i helse- og omsorgsleiarforum i Valdres. Kommunalsjefen er regionen sin representant i Geografisk Samarbeidsutval (GSU) og Lokalt administrativt samarbeidsutval psykiatri i Sjukehuset Innlandet.

Kommunalsjef for utdanning og kultur har fungert som kst.kommunalsjef for helse og omsorg deler av året.

8.2.1 Merkantil stab og rådgjevar

Merkantil stab har m.a. ansvar for lønnsarbeid, fråværsregistrering, fakturering, vederlagsberekning, pasientrekneskap og arkiv.

Rådgjevar er systemansvarleg for fagsystema Ressursstyring og Profil for Vang kommune. Har ansvar for opplæring og utvikling, samt oppdatering og oppfølging av programma. I Vang brukar barnehagane og bufellesskapet Visma ressursstyring i tillegg til turnusområda i pleie- og omsorg.

Systemansvarleg jobbar tett med IKT Valdres og systemansvarlege i dei andre Valdreskommunane.

Rådgjevar har hovudansvar for saksførebuing av søknader om pleie- og omsorgstenester til tildelingsteamet, og skriv vedtak.

Rådgjevar er og prosjektleiar for innføring av velferdsteknologi og sit i den regionale prosjektgruppa.

8.3 Rapport frå tenesteområda

I dei følgjande avsnitta kjem rapportar frå dei ulike tenesteområde innan etat for helse og omsorg.

8.3.1 Frisklivssentralen

Frisklivrettleiar Mona Wiik Jonassen

Frisklivssentralen er ei kommunal helse- og omsorgsteneste med tilbod om hjelp til å endre levevanar. Brukarar av frisklivssentralen får individuell oppfølging med frisklivsresept over tre månader. Resepten inneheld rettleiing, motivasjonssamtale og kartlegging av behov, primært innanfor områda fysisk aktivitet, kosthald og tobakk og psykiske plagar. Frisklivsrettleiaren har i 2020 hatt avtale med Vang fysikalsk og *Ryfoss treningssenter* der brukarar har trena i reseptperioden, mot ein eigenandel.

Frisklivssentralen i Vang har hatt frisklivsrettleiari i 40 % stilling med tilhald på Vangstunet. Det har derimot vore eit opphald utan frisklivsrettleiari frå september 2019 til mai 2020 då tidlegare frisklivsrettleiari slutta og ny vart tilsett juni 2020. I denne perioden vart treningstilboda oppretthalde av fysioterapeut og sjukepleiar samtidig som folkehelsekoordinator tok nokre oppgåver tilhøyrande frisklivssentralen.

Tenesta har vorte prega av koronarestriksjonar, og mellom mars-mai 2020 vart det ingen tilbod. Frisklivssentralen har utanom denne perioda køyrt styrke- og balanstrening ved Vang fysikalske to dagar i veka i tillegg til styrketrening på VBU. Bra mat kurs blei arrangert hausten 2020 saman med Vestre Slidre kommune. Frisklivssentralen har hatt samarbeid med Vang Frivilligsentral om sosiale arrangement og Vang læringscenter om undervisning relatert til kosthald og fysisk aktivitet.

Frisklivssentralen er deltakar i *Folkehelseforum i Valdres* med samarbeid om regionale tilbod slik at brukarar kan delta på tvers av kommunegrenser. Det gjeld kurs som «Bra Mat for betre helse», røykeslutt og ulike meistringskurs i forhold til psykisk helse.

I januar 2020 vart det søkt tilskuddsmidlar frå Helsedirektoratet til styrking og utvikling av helsestasjons- og skulehelsetenesta. Søknaden vart innvilga og frisklivsrettleiari har sidan juni arbeida i 30% prosjektstilling. Prosjektet har i 2020 bestått av planlegging og kartlegging og koronapandemien har hindra igangsetting av planlagte tiltak. Målet for 2021 er å kome i gang. I forbindelse med prosjektet har det vore jobba med å sette opp ein infoskjerm i foajeen på VBU. Hensikta med skjermen er å fremme helseinformasjon og fritidstilbod hovudsakleg retta mot ungdom.

Frisklivsrettleiari søkte i oktober om midlar for inventar til ungdomsklubben og fekk tildelt 20 000 frå Sparebankstiftelsen. I samhandling med ungdomsråd starta planlegging av arbeidet med å forbetre klubblokalet.

8.4 Folkehelse

Folkehelsekoordinator Mona Wiik Jonassen

Folkehelsearbeid er ein integrert del av all kommunal verksemd. Alle etatar i kommunen har ansvar for at folkehelseperspektivet vert teke omsyn til i kommunal planlegging, samhandling og drift. Folkehelsekoordinator skal ha oversikt over helsetilstanden og sikre at folkehelseperspektivet blir ivaretatt, spesielt i utvikling av universelle og sosialt utjamnande tiltak.

Folkehelsekoordinatorstillinga er og har vore på 20 %. I 2020 gikk folkehelsekoordinator av med pensjon den 15. oktober, og ny starta opp 1. desember. Overgang til pensjonisttilverer for folkehelsekoordinator førte også til arbeid med opprydding og avslutning av jobben.

Det viktigaste i vårhalvåret var å fullføre revidering av folkehelseoversikten som folkehelsekoordinator fekk hovudansvaret for. Elles fylgje med i kommunale planar utover året og sende eventuelle innspel gjeldande folkehelse.

Folkehelsekoordinator har vore ein aktiv støttespelar i «smart oppvekst» som ligg under det 10-årige programmet for folkehelse. Den kommunal trimkonkurranse (FA) frå 2012 har blitt planlagt, organisert og gjennomført.

Stillinga har teke del i møte i *Folkehelseforum* i Valdres der eit av tema var utstyrssentral. Vang kommune har jobba for utstyrssentral med frivilligsentralen som hovudansvarleg.

Samarbeid med kulturkonsulent om å lage oversikt over ulike treningsarenaer, installasjonar og kulturminne for å finne ut kven som har vedlikehaldansvar for kva. Arbeidet fortsetter i 2021. Det vart planlag Petanquebane utandørs, også i kontakt med Vangsheimen. Dette la vi på is etter ei stund for å sjå korleis ny bocciabane ved Vangheimen vil fungere; om den dekker behov for aktivitet blant eldre, eller om det også er aktuelt med Petanquebane el. Liknande utandørs til bruk for alle.

Hovudfokus i sommarhalvåret var kontroll av klopper og skilt i kommunen, *Kulturløypa* (tidlegare eigd av Høre skule) og *Trimløypa* der det vart reparert skadar ved *slalåmstasjonen*. Nye stolpar til balansestasjonen ligg på plass, men teknisk rakk ikkje å setja desse ned før snøen kom.

Det er viktig å sjå over *Aktivitetsparken* så ofte som mogleg. Firmaet *Aktiv lek* kontrollerte dei ulike apparata og utførde reparasjon og planlagt forbetring ved nokre apparat fyrst på sumaren.

8.5 IHT - Institusjons- og heimebaserte tenester

Vangsheimen og heimetenesta

Målsetjingar 2020

- Utvikle gode og berekraftige helse- og omsorgstenester ved å utforme nye løysingar. Dette handlar om å ta i bruk dei samla omsorgsressursane i samfunnet, ny teknologi, nye faglege metodar.
- Naudsynte og forsvarlege helse- og omsorgstenester av god kvalitet, på rett nivå, tilpassa brukarane sine individuelle behov innanfor vedtekne rammor.
- Differensierte bustad- og institusjonstilbod med god fagleg kvalitet.
- Aktiv alderdom trass i fysiske og psykiske plager.
- Brukarmedverknad og personlege val i den daglege omsorga.
- God ressursutnytting med tenleg fordeling mellom administrative og tenesteytande oppgåver.

Vangsheimen har 16 langtidsplasar, 10 korttidsplassar, smitteavdeling med 10 plassar og ein tryggleiksplass. I tillegg omfattar verksemda dagsenter, kjøken/ kantine og vaskeri.

Oversikt over årsverk innan IHT :

Avdeling	Stillingar	Årsverk
Leiling Vangsheimen, heimetenesta og miljøtenesta	3	3
Vangsheimen (langtid + 16,38, vikarbank 1.99)	32	18,4
Korttid, heimesjukepleie og heimehjelp	30	18,49
Dagsenter og Grindablikk	6	1,63
Miljøtenester samla	69	30,35
Kjøken, reinhald, vaskeri	10	6,62

Butilbod: 14 omsorgsbustader, to trygdebustader og to bukollektiv.

Miljøarbeid: Tilrettelegge for normalisering av bu-, fritids-, skule og arbeids-/aktivitetstilhøve for personar med særskilde behov. Miljøtenesta har i tillegg 29 støttekontaktar og avlastarar. Tenestane avlastning, omsorgsstønad, støttekontakt og assistentar i BPA utgjer 9,4 årsverk.

Kompetanse

Det har i fleire år vore jobba for å få ufaglærte til å ta fagbrev og andre tilsette til å ta høgskuleutdanning / vidareutdanning.

Helsefagarbeidarar: 1 årsverk lærling i IHT, ein lærling har fullført fagprøve i 2020

Vernepleie: 3 stk som har starta på vernepleie utdanning. 2 av desse har fast tilsetjing og får støtte til utdanning.

Sjukepleie: 1 ansatt som har starta på denne utdanninga og får støtte.

Kurs og anna opplæring:

- Oppfriskningskurs legemiddel håntering (elæring NHI)
- Smittevern kurs med hygienen sykepleier sjukehus innlandet
- Kurs i covid 19 håntering og smittevern
- Paseintrettet kurs om «Tvang og makt» under veiledning av spesialisthelsetjeneste
- Blodprøvetakelse CRP
- Matgledekorps i regi av fylkesmannen
- Diverse kurs om velferdsteknologi
- Visma veilederen: Legemiddelhåntering grunnkurs til aktuelle personer, pårønderettleiing, Teiplikt, journalføring, hverdagehabilitering, summervikarpakke
- Individuell opplæring i profil
- I miljøtenesten har dette vore kursa som er gjennomført:
- Det er gjennomgått individuell opplæring i Profil, Compilo og medisnopplæring.
- Etisk refleksjon er eige punkt på personalmøte.
- Grindatun hadde brann- og evakueringsøving i 2020.

Det er faste møte med tillitsvalgte og verneombud.

Det blir jobba med risikovurderingar, sjukefråværsarbeid, avvik og arbeidsmiljøsaker mv. Det blir

gjennomført vernerunde med oppfølging og medarbeidersamtaler i alle avdelingar.

Sjukefråversutvikling

	2018	2019	2020
IHT eigen- og legemeldt	11,7	8,5	6,05

Det er framleis bufellesskapa som har det høgste fråveret, men også der er det redusert. Det er langtidsfråveret som er høgast. IHT jobbar systematisk med oppfølging av sjukmelde.

Mykje av fråveret i 2020 har vore korona-relatert. Det var strenge retningslinjer for å vere heime i fråvere.

Vangsheimen

Mål og viktige planar

Langtids-, korttids-, rehabiliterings- og avlastingsopphald med god fagleg kvalitet.

Korttidsplassar for utgreiing, behandling, rehabilitering, lindrande behandling m v.

Vidareutvikle samarbeid og god flyt mellom tenestene i Vang og VLMS.

Rekruttere og behalde kvalifisert personale. Jobbe for større stillingar: Prøve ut kombinasjon helgestilling + vikarpool og ulike variantar av dette.

Styrke leiarkompetansen gjennom kurs og utdanning

Kompetanseheving gjennom internundervisning, studiegrupper, kurs. Ta i bruk e-læring sette i system.

Fagsystema Profil og Notus: Vurdere ulike former for velferdsteknologiske løysingar opp mot Profil.

Arbeidsmiljø og HMS; kontinuerleg oppfølging av risikovurdering og handlingsplanar.

Vidareutvikle brukarmedvirking med brukarane og pårørande. Jf. Rettleiar for brukarmedvirking i Vang kommune.

Vangsheimen har 26 plassar i einerom, fordelt på tre avdelingar. Har dette året og hatt 10 plassar på smitteavdeling. Det er 16 langtids plassar og 10 korttidsplassar. Korttidsplassane blir nytta til rehabilitering, avlasting og lindrande behandling. Det er og ein tryggleiksplass.

Langtidsavdeling

I 2020 har det vore fullt belegg på Langtidsavdelinga og det har samstundes vore pasientar på korttidsavdelinga med langtidsvedtak. Ein må og ta høgde for at ein periode vart det kun take inn korttidspasientar med stort medisinsk behov grunna korona-situasjonen.

Det er i faglegansvarleg sjukepleiar på langtidsavdeling. Den har hovudansvaret for den faglege oppfølginga av pasientar i avdelinga, journalansvar jf. lovverket; herunder sikre at dokumentasjon vedkomande pasientar til ei kvar tid er ajour. Legevisitt kvar veke. Gjennomgang av pasientar, årsgjennomgang og pårørandemøte med legen etter behov.

Langtidsopphald avslutta i 2020 hadde ei gjennomsnittslengde på 569 dager i 2020 som tilsvarer 1,55 år. (2,1år i 2019, 0,68 år 2018, 1,6 år 2017).

Pleietyngde på Langtidsavdelinga har auka dei siste åra. «Leve heile livet» på sjukeheim krev ein meir pasientsentrert omsorg. Å sette miljøbehandling i eit system skal vere eit mål i 2021. Det krevst omdisponering av resursar og auke av kompetanser. Det har vore fokus på norsk kultur, noko vi skal jobbe vidare med.

Langtidsavdelinga har fått midlar frå fylkesmannen for å kjøpe inn materiell til miljøbehandling. «Mat og matglede» vart sett i gang men så stoppa av korona-tiltak. Samarbeid med institusjonskokkar og pleiepersonal blei intensivert men er ikkje heilt implementert enno.

Det har vore fokus på digital kommunikasjon mellom pårørande og pasientar. Å sette miljøbehandling i eit system skal vere eit mål i 2021.

Kortidsavdeling

Det har vore 52 korttidsopphald i 2020 mot 34 i 2019. Gjennomsnittslengda på korttidsopphald var 20,6 døgn i 2020. Det varierer frå 1 døgn til 63 døgn. 41,92% belegg på korttidsavdelinga i 2020.

Avlastingsopphald held seg relativt stabilt både i antall og gjennomsnittslengde: 63 opphald med ei gjennomsnittslengde på 5,6 døgn.

Det er fleire heimebuande som har faste, rullerande avlastingsopphald.

Korttidsavdelinga har 8 korttidsplasser og to avlastingsplassar. Avdelinga har tett samarbeid med heimetenesta, då det er same personalgruppe. Det er felles tverrfaglege møte kvar onsdag for å arbeide systematisk.

Presset på sjukeheimplassar er stabilt. Det er god kapasitet på korttidsplassar, samt at styrking av heimetenesta gjer at fleire får eit meir omfattande tilbod heime. På korttidsavdelinga er det store variasjonar i pasientbelegget, og det varierer raskt. Det blir jobba for å gje korttidsopphald med god kvalitet og effektiv behandling/rehabilitering, slik at pasientane kan kome til eit anna tenestnivå.

Det faglege ansvaret for korttidsavdelinga er fordelt på to stillingar. Dei har hovudansvaret for den faglege oppfølginga av pasientar i avdelinga, journalansvar jf. lovverket; herunder sikre at dokumentasjon om pasientar til ei kvar tid er ajour. Dei skal utarbeide sjukepleieplanar og sikre at spesielle treningsopplegg / tiltak blir følgt opp. Dei har og ansvar for kartlegging, dag-, veke og behandlingsplanar.

Felles sjukepleiemøte for Vangsheimen kvar 14. dag, for å ha felles fagleg fokus, og diskutere div. praktiske problemstillingar.

Legevisitt kvar veke. Gjennomgang av pasientar, samordning av behandling og trening. Ergoterapeuten sørger for tilrettelegging heime, og å skaffe hjelpemiddel.

Det er laga eit pårørande rom, som familien/nærmaste kan nytte. Det er to legar knytt til sjukeheimen. Det er eit godt samarbeid med legetenesta.

Helse- og omsorg organiserte i 2017 eit tre-årig overordna utviklingsprosjekt: «*Redesign av tenestar i møte med framtidens utfordringar*» - med 6 delprosjekt. Fleire av prosjekta går over fleire år, og utviklast/gjennomførast stegvis:

1. Kultur og haldningar – informasjon og kunnskap for endring: Det er behov for kunnskap og endra haldningar ved all endring. Det å auke kunnskap ved kurs, møte, informasjon osv. er difor viktig i alle dei prosjekta som blir sett i gang.

-
2. Døgnbemanna omsorgsbustad kombinert med dagaktivitetar til pasientar med kognitiv svikt. Fungerar bra og har mange deltakarar både på dagsenter og tilbod i bygda.

3. Førebyggande heimebesøk

Kommunane skal drive førebyggande arbeid i høve til alle grupper. Førebyggande heimebesøk hjå eldre er eit tiltak ein skal ha. Prosjektet skal utarbeide form og innhald i tiltaket, basert på sentrale føringar og lokale tilhøve.

Målet med heimebesøk er å bidra til alle over 70 år som bur heime skal kunne føle seg trygge, oppleve livskvalitet og behalde god helse så lenge som mogleg.

Grunna korona-situasjonen har det i 2020 ikkje vore mogleg å arbeide med dette.

4. Liv Laga! Meistring og rehabilitering i Vang

Kvardagsmeistring er vorte ein integeret del i 2020 .

Velferdsteknologi – 2020: Valdres er med på det nasjonale velferdsteknologi programmet. Rådgjevar Helse og Omsorg sit i den regionale gruppa . I 2020 har arbeid lokalt bestått i kartleggingar av kva teknologiar Vang kommune har behov for. Det blir no arbeidd med ein felles innkjøpsavtale for Valdres, dette har no vore ute på anbod og IKTValdres tek seg av denne prosessen. Avtala var ferdig September 2020.

Vang har ilag med dei 5 andre Valdreskommunane utarbeidd ein strategisk plan for velferdsteknologi i 2017. Kommunen har skifta til digitale alarmer frå 1. juli 2018, dette har fungert godt. I 2019 har me gått til innkjøp av GPS klokke og 1 bevegelse- sensor som brukast i avdelinga. 2020 kjøpte me inn bevegelsematter og Januar 2021 startar me opplæring av Elektroniske medisindispensarar.

5. Ernæring og døgnrytme.

Har hatt besøk av matgledekorpsset. Miljøbehandling og aktivisering av pasienter på Langtidsavdelingen. Fylkesmannen innvilget midler til anskaffelse av materiell til miljøbehandling.

Røde Kors besøkjer innbyggjarar i Vang i regi av besøksvenn-teneste Røde Kors Grindaheim. IHT og Røde Kors har eit samarbeid for å identifisere behovet og sette i gang teneste.

Grunna koronasituasjonen i 2020 har mykje av dette ikkje vore mogleg å vidareføre som planlagt no.

Det er ei utfordring å drive godt prosjektarbeid i tillegg til dagleg drift. Ein får ikkje alltid tilfredsstillande framdrift på prosjekta

Dagsenteret

Tilbodet omfattar skyss til og frå Vangsheimen, frukost, middag og kaffi. Dagsenteret arrangerer aktivitetar både for pasientane på Vangsheimen og for dagsenterbruketane.

Dagsenteret var steng frå Mars 2020- Juni 2020 grunna korona.

I 2020 har det vore 23 brukarar på dagsenteret fordelt på to dagar.

Det er ulike faste aktivitetar:

Allsong med Siri-Gro og Arthur gjennom kulturskulen kvar måndag.

Balansetrening og fallførebygging med fysio 45 min. Måndag og torsdag

Andakt:1 gong per mnd.

Festmiddagar i kantina: t.d påskemiddag, fårikålens dag, rakfisklag og viltmiddag, Olsokfeiring med rømmegrøt, Festmiddagane er for både pasientar på Vangsheimen og dagsenteret.

Rullatortreff: Det vart arrangert rullatortreff med aktivitetssløype og grilling. Men vart ikkje gjennomført i 2020 grunna korona.

Det har vore 4 konsertar med eksterne aktørar. Noko i regi av den kulturelle spaserstokken.

Det er arrangert klessal 2 gonger

Bakedag i desember: Bakte stryller og goro

Besøk fra Barnehagen Luciafeiring og servering av lusekatter

Frisør og fotpleier 1 gang pr måned

Dagsenteret har samarbeid med frivillige som hjelper til når det er behov for fleire hender.

Solgløtt - Dagaktivitetstilbod for heimebuande med demens

Tilbodet går til heimebuande som har ei demensdiagnose eller er under utgreiing for dette.

Dagaktivitetstilbod for personar med kognitiv svikt vart re-etablert på Storplogen i januar 2018. Tilbodet omfattar skyss til og frå Storplogen, frukost, lunsj, middag, kaffi. Dagtilbodet har vore ope 2 dagar i veka som før. Aktivitetar er tilrettelagt for dei som er der, hatt tur til Lærdal, Fagernes, Syndin. Dei lagar lunsj og middag i fellesskap og får ein triveleg måltid saman. Personalet avlastar heimetenesta og har eit tett samarbeid.

Tilbodet har hatt 10 brukarar i 2020. Dette er ein økning på 2 frå 2019.

Omsorgsbustader

Det er seks bustader ved Prestegarden, sju på Storplogen, to i Ryfoss og 1 i Prestgardsstigen. Grindatun har 4 bueiningar og Bakkehaugen 3. Det er større søking for bustadane med fellesareal, der det ligg godt til rette for sosial kontakt og større tryggleik. Nærleik til sjukeheimen, butikk, legekantor og bank er viktig.

Dei som bur i omsorgsbustadene får heimetenester på line med andre heimebuande.

Forsterka bustad, Storplogen, er eit tilbod til personar som av helsemessig årsak ikkje kan bu heime eller i ordinær omsorgsbustad med heimetenester, men som ikkje har behov for institusjonsplass med pleie/omsorg/behandling 24 timar pr. døgn.

Frivilligsentralen: Frivillige serverer middag på Storplogen på syndagar, dei har sosialt samvær og høgtlesing.

Alle bustadene har vore utleigd i 2020.

Ein av bueiningane på Bakkehaugen blir leigd ut til vanleg utleigeføremål, og ein av bueiningane på Grindatun blir brukt til avlasting. Ved årsskiftet var det ingen ledige bustader.

Heimetenesta

Mål og viktige planar

Naudsynt og forsvarleg helsehjelp skal ytast i heimen så lenge det er mogleg.

Tilstrekkelege og fleksible heimetenester tilpassa den einskilde sine behov for å oppretthalde eigenomsorg lengst mogleg.

Praktisk bistand og hjelp i heimen til menneske med endra funksjonsnivå grunna fysisk eller psykisk sjukdom.

Aktiv førebygging for å sikre god helse og godt funksjonsnivå.

Vidareføre *Kreftsjukepleiarfunksjonen* i Vang kommune.

Avlasting til pårørande med ansvar for personar med særleg hjelpebehov, slik at dei kan ha omsorg for sine næraste i heimen lengst mogleg, og samstundes meistre kvardagen.

Naudsynt helsehjelp, pleie og omsorg til pasientar som er utskrivingsklare frå sjukehus og har behov for vidare helsehjelp i kommunen.

Prosjekt «*Redesign av tenestar i møte med framtidens utfordringar*» - 6 delprosjekt og 2 frittstående prosjekt. Fleire av prosjekta går over fleire år, og utviklast/gjennomførast stegvis:

Tilpassa bustader (sentrumsplan for Vang / bustadsosial handlingsplan)

Gjennomføre brukarundersøkingar kvart andre år.

Oppfølging av Rettleiar for brukarmedverknad.

Heimetenesta er delt inn i fire område, med kvar sin områdesjukepleiar som fagleg ansvarleg. Det 2,2 årsverk for heimehjelp i 2020.

Kreftsjukepleiarfunksjonen: Kreftsjukepleiar er tilsett i 10% stilling i kommunen, ho skal bistå, gje råd, samtale og rettleie til kreftsjuke pasientar og pårørande. Kreftsjukepleiar jobbar som ein del av heimesjukepleia, og kan bruke ressursane noko fleksibelt etter behov. I 2020 har 8 pasientar fått oppfølging. Kreftsjukepleiar har hatt 3 møte/kurs på Fagernes med kreftkoordinator og kreftsjukepleiar i Valdres.

Vang kommune og Valdres er med i eit stråleterapiprosjekt, kreftsjukepleiar er vår kontakt i dette prosjektet.

Ved utgangen av året var det 98 (99) brukarar i heimetenesta (2019-tal i parentes).

53 (57) fekk heimesjukepleie, 45 (42) praktisk bistand. Det er nedgang i talet på pasientar i heimetenesta. Omfanget av hjelpa varierer frå korte tilsynsbesøk til hjelp fleire timar fleire gonger dagleg.

Det tverrfaglege samarbeidet held fram med faste møte. Målet er å arbeide systematisk for samordning av trenings- og pleieplanar for kvar tenestemottakar og å styrke det faglege arbeidet for å sikre tenestetilbodet til kvar einskild brukar. Dette har gjeve betra sikring av opptrening/rehabilitering. Pasientane kjem fortare heim slik at rehabiliteringsavdelinga kan ta imot pasientar frå sjukehus/-heim etter kvart, i samsvar med samhandlingsreforma. Det er viktig med pårørandemøte med kartlegging av ressursar frå familie og pasientar.

Pasientar kjem inn på faste, rullerande opphald. For heime- buande pasientar er dette viktig både for kosthald, trening og sosialt samver. Regelmessig avlasting for pårørande bidreg til at pasientar kan bu lengre heime. 5 personar nytta avlastingsopphald ved utgangen av 2020.

Ved årskiftet var det 25 personar som fekk tilkøyrte varm middag. 52 brukarar har tryggleiksalarm.

8.6 Miljøtenesta

Avdelingsleiar Elisabeth Hålien

Dei ulike tenestene som miljøtenesta har ansvaret for:

BPA – brukarstyrt personleg assistanse

Miljøarbeid – praktisk bistand i heim, arbeid og aktivitetar

- Rettleiing til pårørande med særskild tyngande omsorgsoppgåver
- Støttekontakt – bistand for å delta i vanlege sosiale settingar og aktivitetar
- Omsorgstønad – ved særleg stor belastning i heimen og behov for bistand frå den/deinæraste
- Avlastning – til familiar med tyngande omsorgsoppgåver
- Parkeringsbevis – for forflyttingshemma.

Ledsagerbevis – for personar som treng bistand i aktivitet.

Det vart i 2020 satt i kraft 16 nye vedtak på ulike typer tenester frå Miljøtenesten, nokre tenestemottakarar har meir enn ei teneste. 5 tenester vart avslutta.

Tenestane avlastning, omsorgstønad, støttekontakt og assistentar i BPA utgjer 9,4 årsverk.

Rettleiing til pårørande med særskilt tyngande omsorgsoppgåver er ei relativ ny teneste. Her ser ein eit aukande behov, ettersom andre instansar som tidlegare har hatt denne oppgåva trekker seg meir ut og overlèt oppgåva til kommunane.

Miljøtenesta er ei teneste som er i stadig endring, og behovet for fleksibilitet gjer seg meir og meir gjeldande. Samstundes er det viktig å ivareta stabilitet og tryggleik i tenesteytinga.

Kommunen har hatt fokus på kompetanseheving for leiarane for å gjere dei betre rusta til å stå i framtidens utfordringar. Det har vore gjennomført fleire modular i samarbeid med Høgskolen i Innlandet i samband med vidareutdanning. Helseleiing, velferdsteknologi og innovasjon, kvalitetsleiing og konflikthandtering og kriseleiing er modulane som har vore gjennomført i 2018-2020. Avdelingsleiarane har i tillegg fått tilbod om rettleiing frå bedriftshelsetenesta og har nytta seg av dette.

Miljøtenesta samarbeidar med fleire instansar, mellom anna andre kommunale helsetenester, barnehage, grunnskule, vidaregåande skule, PPT, BUP, Habiliteringstenesten v/Sjukehus Innlandet, NAV og Statsforvaltar.

Miljøtenesta deltek i det tverrkommunale samarbeidet Fagleg nettverk for målretta miljøarbeid i Valdres, der ein arbeider med felles kurs og kompetanseheving innanfor tenesteområdet i Valdres.

2020 skulle ny grunnturnus starte opp ved Grindatun, i samarbeid med Vangsheimen ang nattvakt. Dette måtte settast ut grunna covid-19.

Bufellesskapa

Vang kommune har to bufellesskap i Miljøtenesta; Grindatun og Bakkehaugen.

Det var i 2020 19,45 årsverk knytt til tenestene som blir administrert frå bustadane, fordelt i tre turnusområder. Årsverka var fordelt på 40 personar i turnus. Årsverka i turnus har til ei kvar tid vore knytt til vedtak på tenester til kvar enkelt og omfanget av dei ulike vedtaka.

Det er til saman 7 bueiningar ved dei to bustadene som leigast ut til personar som ynskjer å bu sjølvstendig, men knytt til eit bufellesskap. Bustadane er ikkje institusjonar, men private bustadar som er tilknytt ein base med eigen administrasjon og ei eiga personalgruppe. Bustadane har òg eit fellesareal som nyttast av personale og av dei som bur ved bufellesskapet.

To av leilegheitene ved Grindatun var i 2020 tilpassa avlasting og tryggleiksplass/døgnopphald. Leilegheitene ligg sentralt. Butikk, bibliotek og andre tilbod er lett tilgjengeleg. Desse leilegheitene har i periodar òg vore nytta til hybeltrening, for dei som treng å trene på å bu sjølvstendig før ein skal flytte heimanfrå.

Ein yter òg tenester til fleire tenestemottakarar utanfor bufellesskapet, og tilsaman 12 personar fekk i 2020 tenester frå tilsette i turnus ved bustadane. Kompetanse i bustadene har òg vore nytta i barnehage, dette har vore eit positivt samarbeid.

Prosjektet med felles avdelingsleiar for basane vart vidareført i 2020, evaluerast i 2021.

Miljøterapeutstillingane (3 årige)? har fagansvar ved både bustadene, for å sikre fagleg oppfølging og kontinuitet i tenesteytinga.

Arbeidsmiljøet i Miljøtenesta opplevast i hovudsak som stabilt og godt, dei tilsette er opptatt av å yte gode tenester og av å ha eit godt arbeidsmiljø.

Det har gjennom fleire år vore utfordrande å rekruttere til 3-årige stillingar (er det 3-årige stillingmer, eller stillingar som krever 3-årig utdanning?) i Miljøtenesten og belastninga på dei ein har hatt har tidvis vore stor. Ein ser at målretta arbeid med rekruttering og kompetansehevande tiltak gjev resultat.

Det vart tilsett to vernepleiarar i 100% stilling i 2020. Ein med oppstart frå i mars 2020, og ein med oppstart i desember 2020. To fast tilsette og ein vikar i tenesta starta vernepleiarutdanning på deltid hausten 2019. Utdanninga går over 4 år.

Andel fagarbeidarar i Miljøtenesta har vore aukande dei siste åra, og har òg auka i 2020. Dette fordi fleire tilsette har tatt fagutdanning og at fleire faglærte har fått stillingsauke som alternativ til utlysing av småstillingar.

Det er fleire assistentar som har opparbeidd seg lang erfaring og ynskjer å ta fagbrev, dette er positivt.

Det blir arbeid med kompetansehevande tiltak for alle tilsette, uavhengig av utdanning, og nyttar e-læring i stadig større utstrekning. «Mitt livs ABC» har vore eit positivt kompetansehevande tiltak for fagarbeidarar og assistentar. Dette kurset starta i 2018 og vart fullført i 2020.

Alle planlagde kurs med oppmøte har i 2020 vorte avlyste. Ein har delvis kunne erstatta dette med e-læringskurs. Ein ser at e-læring er eit godt supplement, men saknet etter det sosiale og det å kunne treffe kollegaer og andre fagpersonar er stort.

Ein har i 2020 måtte tenke nytt på mange vis, og læringskurva har vore bratt når det gjeld nye teknologiske løysingar. Store deler av planlagd møteverksemd går no via nett, slik at ein kan

oppretthalde samarbeid og dialog, sjølv om ein ikkje kan møtast. Oppgradering av noko utstyr og meir opplæring i bruk er naudsynt for at dette skal fungere optimalt, dette står på planen for 2021.

Tilgangen på vikarar har i 2020 vore relativt god, fleire vikarar har arbeidd i tenesta i fleire år. Dette gjev god stabilitet i periodar med fråvere, som ved ferieavvikling eller sjukdom.

Utprøving av turnus med lange vakter ved eit turnusområde har vore vidareført, etter ønske frå både tilsette og brukarar. Tenestene opplevast som meir fleksible og stabile.

Det er framleis stort fokus på førebygging av sjukefråver og sjukefråversoppfylgning i Miljøtenesta, men koronasituasjonen har tidvis gjort det mindre fleksibelt, med tanke på omdisponering av oppgåver og endring i arbeidsstad.

2020 har elles vore eit spesielt, og tidvis krevjande år, med tanke på koronapandemien.

Tilsette har raskt måtte sette seg inn i og implementere nye rutinar, og har lagt ned eit godt stykkje arbeid med tanke på smitteførebuaende arbeid, kvalitetssikring og tilrettelegging for alternative tilbod ved nedstenging av ordinære tilbod og aktivitetar, til dømes fritidstilbod, dagtilbod, arbeid og vaksenopplæring.

Ein har delt personalgruppene mellom dei ulike bustadane og avdelingane, for å redusere talet på kontaktpersonar, både for tenestemottakarar og tilsette. Ein ser føre seg at dette tiltaket lyt vidareførast i 2021 og turnusar er lagt opp til dette.

Erfaringa frå det siste året er at ein no ser store fordelar med å jamt og trutt ha arbeidd for at fagarbeidarar har høge stillingar i tenesta. Dei slipp då å ta på seg arbeid ved fleire avdelingar, eller i fleire kommunar, for å sikre seg økonomisk. Det har og ført til at ein har færre tilsette ved avdelingane og at ein har betre kontroll j.fr smittevernsreglar. Dette gir meir stabilitet og ein rolegare kvardag for fleire av tenestemottakarane.

Ein har utarbeidd alternative turnusar for tilsette for at ein raskt kan sette desse i verk ved naudsynt behov, slik at ein kan sikre tenestene og at ein til ei kvar tid har nok personale med god nok kjennskap tilgjengeleg.

Miljøtenesta deltok i beredskapsøving og øving på smittesporing, i samarbeid med Fylkesmannen i Innlandet i 2020. Dette var ei lærerik erfaring, og ein nytta høvet til å kvalitetssikre rutinar og oppdatere beredskapsplanen i etterkant av øvinga.

Lund arbeidsbase

Lund har 1,5 årsverk, der 0,8 er knytt til no 6 plassar for Varig Tilrettelagt Arbeid (VTA). Det har i 2020 vore 6 VTA plassar og 3 plassar for aktivitet på Lund. Til tross for ein auke i VTA plassar har det ikkje vore auke i årsverk på Lund. Ein ser òg at det vil bli auke i behov for arbeidsplassar for nye tenestemottakarar på Lund framover.

Lund arbeidsbase driv arbeids- og aktivitetstilbod til brukarar frå miljøtenesta. Tidvis er det òg arbeidstakarar via NAV, Bufar, HAPRO og andre instansar som skal ha språk- eller arbeidstrening.

Lund nyttas òg av NAV/HAPRO/Bufar for registrering av restarbeidsevne. Lund vert og nytta internt i Vang kommune ved kartlegging av restarbeidsevne og utprøving av anna arbeid. Ein registrerar at det kjem fleire og oftare førespurnad om tenester ved Lund frå desse instansane, noko som er positivt men dette krev òg meir oppfølging.

Desse førespurnadane har det ikkje vore mogleg å kome i møte i 2020 grunna smittevern i samband med Covid – 19.

Lund tilbyr ulike aktivitetar og tenester som skal sikre tenestemottakarar eit godt dagtilbod, og tenester for dei som ynskjer å kjøpe dette.

Oppgåvene er som tidlegare gjennomføring av planting på kyrkjegardar og hjå bedriftar, sal av blomar, produksjon av blomar, jobbfrukt, produksjon av ved, produksjon av gåveartiklar i tre og strikk, cateringprodukt, tenester, utleige av møtelokal m.m.

Konsekvensar i samband med Covid.

- Nedstenging av Lund arbeidsbase frå 13.mars til 22. mai. Avdelingsleiar med heimekontor med tett oppfølging av arbeidstakarane pr tlf og arbeid i samband med andre oppgåver. Miljøarbeidar i 50% ivaretok prikling og ettersjånad i gartneri samt vedsal.
- Systematisk og langsam opning av Lund frå 22. mai og fram til 15. september, i tett samarbeid med leiar IHT og avdelingsleiar bustad.
- Reduksjon av catring- verksemd.
- Ikkje utleige av lokale
- Innleige av eitt ekstra personal i korte perioder, for å oppretthalde kohortar i arbeid.
- Lunds avdelingsleiar tok òg oppgåva med å utgreie og organisere syng av «smittevernfrakkar» og «tøymunnbind» i tett samarbeid med smittevernlege i eigen kommune rett etter nedstenging. Denne organiseringa og tilrettelegging for syng har halde fram resten av året og vore ei arbeidsoppgåve for VTA tilsette.

Det vart før jul 2018 gjeve klarsignal frå kommunestyret om finansiering av vedlager, og teknisk har vore på Lund for innsikt i eventuell plassering og utforming. Bygging av vedlager vart utsett i 2019 og skulle forhåpentlegvis settast i gang våren 2020.

Hausten 2020 vart Øye Bygg og Bo engasjert av Vang kommune for å gjennomføre dette. Dei fekk støypt sole, sidan har byggingsarbeidet stått på vent. Det er eit stort sagn at det framleis ikkje noko vedlager på Lund. Konsekvensen her er at ein ikkje klarar å imøtekomme etterspurnaden av ved gjennom vinteren.

Lund har eit godt samarbeid med Valdres Arbeidssenter på Leira.

Det har i 2020 vorte gjort oppjusteringar/vedlikehald på Lund arbeidsbase Det er lagt nytt golv i Storstøga. Vedlikehald som omfattar elektrisk og rørleggar er gjennomført. Måling utvendig og rensking av tak står framleis på vent. Det er utført branntilsyn, utan nemneverdige tiltak.

Det vart i kommunestyret vedteke at det skulle kjøpast ny bil til Lund i 2020. Dette vart utsett til 2021, då det vart naudsynt med ny bil i heimesjukepleia.

Ein må sei at dette har vore eit rart år, der ein har brukt mykje ressurs og kreativitet for å oppretthalde kohortar og godt smittevern. Eit godt samarbeid med IHT og avdelingsleiar bustad har vore naudsynt for å klare dette.

Til tross for alle utfordringar dette året, er tilsette stolte av å ha klart å gjennomføre så mange oppgåver som ein har.

Lund Arbeidsbase har eiga Facebookside og instagramkonto for m.a marknadsføring.

8.6.1 Helseavdelinga

Avdelingsleiar Seija Johanna Kumpula

Hovudarbeidsområde

- Allmenn, individretta førebyggjande og kurativ verksemd etter helse- og omsorgstenestelova: Legeteneste, fysioterapi, habilitering/rehabilitering, helsestasjon, skule- helseteneste og psykisk helseteneste
- Grupperetta og individretta tiltak for sunnare livsstil og auka fysisk aktivitet, m.a. frisklivssentral
- Samfunnsmedisinske oppgåver som miljøretta helsevern, smittevern, beredskap, folkehelsearbeid

Det var 17 fast tilsette på helseavdelinga i 2020. Dette utgjorde 11,65 årsverk. Helsetenesta for asylsøkjjarar er vidareført med 1,2 årsverk for sjukepleiar.

I tillegg kjem to privatpraktiserande fysioterapeutar (til saman 1 årsverk) og fast vikar for lege og hjelpepersonell ved legekantoret.

Compilo blir nytta som system for internkontroll. Tida har ikkje strekt til for tilstrekkeleg vedlikehald av dokument i dette systemet. Det er ikkje rapportert om nye, alvorlege avvik.

Avdelinga har som før tilnærma ikkje sjukefråver.

I alle lokale for helseteneste i Vangstunet er det problem med temperaturreguleringa.

8.6.2 Legekantoret

Leiar Marit Tuv

Legekantoret har hatt stabil bemanning også i 2020. Ein medarbeidar gjennom mange år pensjonerte seg før sommaren. Det er rekruttert ein ny medarbeidar i denne stillinga, som starta i august. Ein legevikar var inne to månader i sommar i samband med ferieavvikling. Alle dei tre faste legane går legevakter kvart sjetta døgn i tillegg til dagtidsjobben, og vaktene må dekkast opp også ved feriefråvere.

Arbeidsmengda på legekantoret har vore formidabel dette året på grunn av koronapandemien. Tidlegare kommuneoverlege har bidrege på teststasjonen saman med Grindaheim Røde Kors heile 2020. I starten hadde teststasjonen også testing for Øystre og Vestre Slidre. Etter kvart vart drifta redusert på teststasjonen til å vere berre for Vang kommune og tre dagar i veka. To dagar i veka vert det testa på legekantoret.

Alle pasientar med luftvegssymptom som treng legetilsyn vert slusa til ei brakke utanfor kantoret. Dette har vore eit viktig tiltak for å kunne halde oppe drifta på legekantoret som vanleg. Det er stor etterspurnad og høg arbeidsintensitet. I 2020 hadde legekantoret 10.700 journalførte pasientkontaktar. Dette svarer til i underkant av 50 journalførte kontaktar per dag. Kontaktar med praktiske spørsmål, koronaspørsmål og timebestilling kjem i tillegg til dette.

Kommuneoverlegen har 40 % stilling til smittevern og miljøretta helsevern. Koronaarbeidet i 2020 genererte 250 timar overtid for kommuneoverlegen og 50-60 timar overtid for kvar av medarbeidarane ved legekantoret.

8.6.3 Helseteneste for asylsøklarar

År 2020 har COVID 19 satt sitt preg på asylmottak også.

COVID 19 har i tillegg til Europeisk politikk gjort det vanskeleg for flyktningar å komme hit.

Få nye flyktningar til Noreg og lite flytting mellom mottak har ført til mindre ut- og innskrivinger og færre 1. gongshelseundersøkingar osv. Elles er det framleis eit fleirtal av personar med avslag og avgrensa rettigheter. Desse har som oftast dei største helseutfordringane og er vanskelege å hjelpe.

Nokre få bebuarar har gitt store utfordringar for fleire(sjukepleiar/psykiatri/lege/fys/VAS/ambulanse/legevakt/mm)

Ein forskar ved fhi skulle ha starta prosjekt med spørreundersøking blant personale og bebuarar mht. likeverdige helsetenester for asylsøklarar, men det satte coronaen også ein stoppar for.

Elles har sjukepleiar deltatt på fleire kurs enn vanleg via ZOOM, teams og Youtube. Det er lettare når ein slipper å reise langt i tillegg til at det ikkje kostar noko anna enn arbeidstid. RVTS har vore flinke frå starten av å begynne med kurs og nettverksmøte på ZOOM, og det har vore godt å ha kontakt med nettverket.

Møta med legane har vore vekentlege som før men gjennomført via video ein stor del av året.

Sjukepleiar fikk dockingstasjon og berbar PC med moglegheit for å jobbe heimefrå, og det har vore ein fordel.

8.6.4 Fysioterapi

I starten av 2020 var situasjonen for fysioterapitenesta stabil. Det er framleis ein avtalefysioterapeut i 60 % sjukmelding, men det har blitt dekkja opp av 1 fast vikar. Elles har det ikkje vore nemneverdig sjukefråvere. Vikaren sa opp avtala si og slutta 1. oktober. Men vart innleigd igjen i eit 5 veker engasjement i november-desember fram til ny vikar kunne starte.

I månadsskifte februar-mars utarbeidde fysioterapeutane retningslinjer for smittevern på instituttet med formål å halde tenesta i drift under ein mogleg pandemi. Likevel måtte instituttet halde stengt i ein periode på 6 veker. Fysioterapeutane brukte videokonsultasjonar i enkelte tilfelle, elles kunne kommunefysioterapeuten gjennomføre nødvendige heimebehandlingar. I andre halvåret har tenesta fungert normalt med dei nødvendige omsyn til smittevern.

Lokale og medisinsk utstyr er i forskriftsmessig stand, kontroll av elektromedisinsk utstyr ble ikkje gjennomført i 2020, antakeleg p.g.a. koronarestriksjonar. Det har ikkje vore vernerunde. Det blei i 2019 meldt inn behov for lydsetting av dørene, det har ikke blitt fulgt opp i 2020. Det var behov for utskifting av 2 gamle treningsapparat: i 2020 blei det kjøpt inn 1 treningsapparat for i underkant av 50.000 kr., utskifting av det andre apparatet blit forsøkt gjennomført i 2021.

Kommunefysioterapeuten har 50 % av sitt arbeid innanfor pleie- og omsorg . Der inngår det behandling i pasienten sin heim, behandling på korttids- og langtidsavdelingane på Vangsheimen og etterrehabilitering på Vang Fysikalske institutt. Fallforebyggande trening i 2 grupper ble gjennomført vekentleg i samarbeid med dagsenter. Kommunefysioterapeut deltar i vekentlege tverrfaglege møte med deltakarar frå korttidsavdeling og heimetenesta og ergoterapeut. Innan pleie- og omsorg er det

nå innført kvardagsrehabilitering/kvardags-meistring utan at fysioterapiressurser er auka. Fysioterapeuten deler ansvar for tekniske hjelpemiddel, både korttidsutlån frå kommunen og langtidsutlån gjennom hjelpemiddelsentral, med ergoterapeuten. Fysioterapeuten er kommunen sin kontaktperson med NAV Hjelpemiddelsentral i Oppland.

Streng restriksjonar i starten av koronapandemien førte til full stopp av behandlingar på langtidsavdelingane og sterk redusert innsats på korttidsavdeling i ein periode på 3-4 månader. Fallforebyggande trening ble innstilt og erstatta med eigentrening heime. Kommunefysioterapeuten gjennomførte i denne perioden fleire heimebehandlingar og fekk ein del oppgåver innan miljøtenesta.

Innan skulehelsetenesta har det vore oppfølging av nokre elevar med motoriske vanskar. Det har stort sett vore på bestilling frå skulen. I tillegg har fysioterapeut deltatt i tverrfaglege ansvarsgruppemøte og individuelle planarbeid. Det har ikkje vore tid til klassevise screeningar. Fysioterapi-vikaren har hatt oppfølging av fleire barn i barnehagane. Desse tenestene har i mindre grad vore påverka av pandemien.

Fysioterapitjenesta er framleis direkte underlagt kommunalsjef for helse- og omsorg. Dette fungerer ikkje optimalt. Kommunefysioterapeuten har meldt frå i medarbeidarsamtalen.

8.6.5 Ergoterapi

I 2020 har det vore 80% ergoterapeutstilling (20% permisjon frå full stilling). Ergoterapistillinga er organisert saman med korttid- og heimetenester.

Ergoterapeuten jobbar med bustadtilpassingar og tilpassing av hjelpemiddel for eldre og menneske med nedsett funksjonsevne slik at dei skal kunne delta i kvardags- og samfunnsliv slik dei ynskjer. Ergoterapeuten jobbar med trening / rehabilitering heime og i institusjon.

Ergoterapeuten har vore på rundt 100 heimebesøk, oppfølging av barn i skule og barnehage, ansvarsgruppemøte m.v, til i overkant av 40 personar. I tillegg kjem oppfølging av personar i institusjon (både korttid og langtid).

Ergoterapeut yter tenester til bebuarar på mottaket som treng tilrettelegging og hjelpemiddel. Dette kan vere krevjande saker, både pga språkproblem og kulturforståing, men og i høve til kva rettar den einskilde har til m.a naudsynnte hjelpemiddel. Det er eit godt samarbeid med sjukepleiar ved mottaket.

I barnehageåret 2020/2021 har det vore Skrivedans for førskulebarna i Høre barnehage. Det er eit godt samarbeid med barnehagen. Ungane synast det er artig og pedagogane ser nytteverdien av Skrivedans og gjev gode tilbakemeldingar.

Ergoterapeut har systemansvar for SamPro (elektronisk individuell plan), og ansvar for opplæring og drift av systemet.

Covid-19 Ergoterapi

I samband med utbrotet av Covid-19 hadde ergoterapeuten heimekontor i 6 veker frå midten av mars. Her var fokuset å ta unna dei oppgåvene som ikkje kravde personleg frammøte og som kunne løysast frå skrivebordet. NAV lempa på kravet om underskrift på søknadar om tekniske hjelpemiddel, og det hjelpte noko slik at det vart mogleg å løyse dei akutte behova som oppsto. Frå slutten av april til slutten av mai vart ergoterapiressursen nytta ein del på langtidsavdelingane for å jobbe miljøretta og med aktivitetar for bebuarane. Det vart organisert sosiale treff på Fjordstøga, tilbod om digital andakt i samarbeid med presten, utekonsert i samarbeid med kulturskulen og besøk av barnehagebarn utanfor avdelingane. Etter kvart vart det meir behov for å gje tilbod til heimebuande,

og då samfunnet vart opna litt meir utover våren vart dette engasjementet avslutta. Ei stor utfordring i den tida var å ikkje gå mellom langtid- og korttidsavdelinga / heimetenesta for å unngå evt kryssmitte.

Ergoterapeuten har teke i bruk digitale verktøy i samhandling med både tenestemottakarar og samarbeidspartar. Digitale «heimebesøk» blir nytta for å avklare konkrete behov for hjelpemiddel, og blir opplevd av både partar som eit effektivt og godt tiltak. Det har vore avgrensa til yngre personar med digital kompetanse, det har ikkje vore nytta til eldre.

Hjelpemiddelformidling

I 2020 hadde NAV Hjelpemiddelsentral Gjøvik registrert 197 aktive brukarar av tekniske hjelpemiddel i Vang. 66 personar fekk utlevert hjelpemiddel, derav 16 nye brukarar. Det vart utlevert 1730 hjelpemiddel og delar til hjelpemiddel, 143 hjelpemiddel sendt i retur. Dei utleverte hjelpemidla, inkl. delar, har ein samla verdi på 1,927 mill kroner. Dette er hjelpemiddel som er finansiert gjennom folketrygda til personar som fyller kriteria for varig utlån. Ergoterapeut er involvert i majoriteten av desse søknadane. I tillegg kjem søknadar frå syns- og hørselskontakt.

Vaktmeister har hovudansvar for mottak, utkøyring av hjelpemiddel, innhenting av større hjelpemiddel, montering, service/enkle reparasjonar og retur av hjelpemiddel.

I tillegg kjem utlån frå kommunalt korttidslager til heimebuande og personar i institusjon. Pr 31.12.20 var det over 60 personar som hadde aktive utlån av eit eller fleire hjelpemiddel frå kommunalt lager, med 15< nye brukarar i 2020. Hjelpemiddel på korttidslager er i hovudsak «arvegods» frå NAV Hjelpemiddelsentral. Ergoterapeut er hovudansvarleg for korttidslager, i samarbeid med vaktmeister og fysioterapeut.

Det er generelt relativt kort ventetid for bistand frå ergoterapeut. Tenesta er godt budd på oppgåver som kjem, og kan ta seg av omfattande tverrfaglege oppgåver i samarbeid med andre tenester på relativt kort tid.

8.6.6 Psykisk helseteneste

Psykisk helseteneste er eit frivillig og kostnadsfritt lågterskeltilbod til alle som bur i kommunen. Tenesta har 2.6 årsverk, fagleiar i 100% stilling og to andre stillingar på 80% .

Tenesta tilbyr forebyggjande tiltak, støtte og behandling til innbyggjarar med psykiske vanskar og/ eller rusvanskar. Psykisk Helse har som målsetting å fremme og auke livskvalitet og evna til å meistre eige liv på tross av utfordring.

Tenesta samarbeidar tett med kommunepsykologen, som har 20% stilling i Vang. Ho jobbar klinisk med barn- og ungdom, men bidrar med rettleiing, samt drøfting av tilvisingar saman med staben.

Psykisk Helse har mykje samarbeid med fastlegar, distriktpsikiatrisk senter, pårørande, samt andre hjelpeinstansar for at menneske skal få eit helskapleg og best mogleg tilbod. Dette krev at den det gjeld, samtykker til dette.

År 2020 var prega av covid-19 og tiltak for å hindre spreiding av viruset. Som konsekvens av dette, blei tenesta fysisk stengt i midten av mars. Alle dei som hadde pågåande behandling av psykisk helse blei kontakta på telefon eller på videomøte og det blei laga oppfølgingsplan med vedkommande. Under heile nedstenginga var personalet tilgjengeleg på telefon i si vanlege arbeidstid. Oppfølging skjedde i form av telefonsamtaler, gåturar, samtaler på verandaen hos ein- her måtte vi nytte alle moglegheiter, så langt det lét seg gjere. Enkelte opplevde det vanskeleg at ulike tilbod, som dei til

vanleg deltok i, ble stengt ned. Einsemd, manglande kontakt med sosiale nettverk opplevast som krevjande og angst og depresjons- symptom blei forsterka.

Etter at tenesta blei åpna igjen i april, har det vore samtaler med to meter avstand, samt eit strengt regime med håndvask og desinfisering av overflater. Dette fungerer bra.

Bemanning i psykisk helse har vore redusert sidan september. Tidligere leiar tok over jobben som leiande helsesykepleiar og ny leiar starta i stillinga som fagleiar 1.11.20. Det er vakanse i 80% stilling, og dette gjer at arbeidsmengda blir større for dei to tilsette.

Det er jobba aktivt med rekruttering mot slutten av året og tilsettingsprosessen held fram fortset i 2021.

8.6.7 Helsestasjon og skulehelseteneste

Helsestasjon og skulehelseteneste har totalt 1,5 årsverk. Legerressurs i ca. 0,1 %.

Helsestasjonen har ein målsetting å fremje fysisk og psykisk helse, gode sosiale og miljømessige forhold, samt førebygge sjukdom og skade for alle barn og unge i kommunen. Oppgåvene er i vesentleg grad knytt til helsestasjon for born 0-5 år og skulehelseteneste i grunnskulen. Arbeidet er omfattande; frå helseundersøkingar til rettleiing og støtte til foreldre. Ein viktig målsetting er òg å oppnå 100% vaksinasjonsdekking.

I januar 2020 vart det søkt tilskotsmidlar frå Helsedirektoratet til styrking og utvikling av helsestasjon- og skulehelsetenesta. Målet var å få i gang eit prosjekt «Ungdomshelse» der ein har fokus å auke kunnskap hjå ungdommar om fysisk og psykisk helse, samt auke tilgjengelegheit av fagpersonar. Søknaden vart godkjent og ny tilsett frisklivsrettleiar som byrja i stillinga si i juni 2020, har arbeidd i 30% prosjektstilling gjennom hausten 2020. Halvåret har blitt brukt til å kartlegge moglegheit og ynskjer frå ungdommen og planlegge gjennomføringa. Igangsetting av tiltaka ble diverre forsinka pga. koronapandemien og restriksjonar knytt til den. Les meir om dette under frisklivssentralen.

2020 har vore «annleisåret» prega av Covid-19 pandemi. Den nasjonale stenginga i mars råka òg helsestasjonen og skulehelsetenesta og oppgåvene måtte prioriterast. I mars-april blei vanlege helsekonsultasjonar gjennomført berre for dei nyfødde og for barn som skulle ha vaksinar. Elles var helsesjukepleiar tilgjengeleg via telefon og nettløysingar. Helsesjukepleiar på skulen tok kontakt med born og unge via nettløysinga Teams® og var tilgjengeleg på telefon.

I april opna barnehagar og barneskule att, og begge helsesjukepleiarar var på plass på kontora sine. Ordinære barnekontrollar vart starta opp att under strenge smittevernsreglar. Gradvis oppatt-opning fortsette i takt med dei nasjonale retningslinene, og innan sommaren var tenestene tilbake til tilnærma normal drift, bortsett frå gruppetilbod. Møte og tverrfagleg samarbeid vart hovudsakleg gjennomført digitalt.

Det har vore mykje uro knytt til barn og unge under pandemien og dette har blitt følgt opp nasjonalt i form av ulike statistikkar og spørjeskjema. I Vang har ikkje helsesjukepleiarar vore omdisponert til ulike andre pandemirelaterte oppgåver. Det har sikra stabil bemanning og tilgjengelegheit gjennom heile året.

I 2020 blei det endring i personalet på helsestasjonen. Leiande helsesjukepleiar gjennom fleire tiår gjekk av med pensjon i oktober, og kommunen har lukkast med å tilsetje ny person i stillinga. I

forbindelse med tilsettinga ble det gjort eit mindre administrativt endring ved at leiande helsesjukepleiar òg har personalansvar for den psykiske helsetenesta, i tillegg til helsestasjon- og skulehelsetenesta og frisklivsretteleiar.

9 Landbruk og teknisk

Kommunalsjef landbruk og teknisk Elisabeth Harrang

9.1 Mål

- Legge til rette for næringsutvikling
- Utvikle gode bumiljø
- Utvikle gode tenestetilbod
- Medverke til at kommuneplanen sine målsetjingar bli oppfylte
- Utføre lovpålagte oppgåver innanfor dei tidsfristar og det skjønne styringssignala heimlar
- Bidra til å leggje tilhøva til rette for å halde oppe og vidareutvikle jord-, skog- og utmarksnæringar og aktuelle tilleggsnæringar i Vang.

9.2 Hovudarbeidsområde

Etaten sine hovudoppgåver er;

- Forvaltning
- Drift bygg og veg
- Drift vatn og avløp

Behandling og forvaltning av arealplanar, vilt- og landbruksforvaltning, byggjesaks-behandling, frådelingssaker, matrikkelarbeid og oppmåling, vatn- og avløpsforvaltning og drift, tilrettelegging nye bustadfelt, næringsbygg og areal, vedlikehald kommunale bygg, anlegg, vegar og gatelys er oppgåver som etaten har ansvar for.

9.3 Bemanning

13 personar arbeider med forvaltning og drift frå kommunehuset, i alt 12,4 årsverk

7 personar arbeider i uteseksjonen med bygg og veg og med reinhald hjå LT, i alt 5,15 årsverk.

5 personar i alt 1,8 årsverk, arbeider med reinhald på VA-anlegg, kommunehuset og på Vangstunet.


3 personar arbeider med drift av vatn- og avløp anlegg, i alt 3 årsverk

9.4 Økonomi

Netto resultat		Regnskap	Regnskap	Buds(end)	Avvik
LANDBRUK TEKNISK		2019	2020	2020	
40	Kommunalsjef Landbruk Teknisk	3 472	746	800	-54
41	Plan , kart, oppmåling og byggesak	-	3 583	2 661	922
43	Kommunale bygg og vegar	12 321	13 154	10 926	2 228
44	Bustadfelt og tomter	-127	17	-31	48
45	VA	-4 539	-4 701	-3 623	-1 078
47	Landbruk	2 069	2 247	2 441	-194
49	Brann og feietenester	3 066	3 040	2 409	631

(tall oppgitt i 1 000 i tabellen)

Fordeling av utgiftene i Landbruk Teknisk 2020



- Løn og sosiale utgifter
- Varer og tenester i egen tenesteproduksjon
- Tenester som erstattar eigen tenesteproduksjon
- Overføringsutgifter
- Sum etat: 4 Landbruk og Teknisk

Landbruk og teknisk etat har generelt vore underbudsjettert med 1,0 millionar kroner i forhold til rekneskap for 2019 og med ei prisauke på 2 %. Budsjettarbeidet i etaten blei ikkje prioritert i tilstrekkeleg grad etter at leiar slutta i jobben hausten 2019.

I forhold til budsjett har etaten eit meirforbruk på 2,5 millionar kroner.

Ansvar 400 Kommunalsjef LT / 481 Forvaltning areal, plan og byggesak

Ansvar 400 Kommunalsjef LT har vore ein stor sekkepost. I 2020 blei utgifter til løn m.m. til forvaltning ført på ansvar 481 Forvaltning areal, plan og byggesak utan at budsjett blei justert, og det er difor eit stor underforbruk på 400 Kommunalsjef LT og eit stort overforbruk på ansvar 481 Forvaltning areal, plan og byggesak. Dei to postane går ikkje opp i opp, det er ein differanse på i underkant av 900 tusen kroner.

Differansen skuldast delvis 300 tusen kroner i reduserte inntekter til byggesaksgebyr. Det er elles brukt 100 tusen kroner til inventar for nye tilsette. Det er òg brukt omtrent 240 tusen kroner ekstra til straum, vedlikehald og tøyning av avfall. Det er ikkje budsjettert her og skulle vore ført på ansvar 430. I tillegg kjem 260 tusen kroner til leige av advokat i forbindelse med kommunedelplan Tyinkryset, som ikkje var budsjettert og som er ført på konto 1270 Andre tenester (som inngår i eigenproduksjon), sjå nedanfor.

Ansvar	Rekneskap 2019	Rekneskap 2020	Budsjett 2020	Avvik
481 Forvaltning areal, plan og byggesak	0	256	0	-256

Ansvar 402 Vassverk har eit underforbruk på drygt 1,0 million kroner som skuldast ei inntekt (gebyr) på 600 tusen som er høgre enn budsjettert, 130 tusen kroner i underforbruk til løn på grunn av mindre overtidsbruk og at det ikkje blei teke inn sumarvikar i 2020, underforbruk på 200 tusen kroner til lønn på grunn av ei langtidssjukemelding, og spart 160 tusen kroner til straum. Resultatet fører til at sjølvkostfondet vil auke med 1,0 million kroner.

Ansvar 430 Vedlikehald bygg/anlegg har eit overforbruk på knapt 1,5 million kroner som i hovudsak skuldast at Landbruk og teknisk etat i 2020 har dekkja kostnader som ikkje var budsjettert her. Det dreier seg om utgifter til henting av avfall frå kommunale bygg som er ført på konto 1195 Avgifter/gebyrer/lisensar mv., sjå nedanfor.

Ansvar	Rekneskap 2019	Rekneskap 2020	Budsjett 2020	Avvik
430 Vedlikehald bygg/anlegg	1 444	1 839	292	-1 547

Ansvar 442 Brann beredskap har eit overforbruk på knapt 700 tusen kroner som hovudsakeleg skuldast underbudsjettering. Det blei meldt frå VBR IKS at kommunen ville bli fakturert med 3 057 millionar kroner, men det blei ikkje teke omsyn til ved budsjettering. Rekneskap stemmer godt med budsjettet som VBR IKS hadde satt opp.

Ansvar 470 Vegar og gatelys har eit overforbruk på drygt 750 tusen kroner. Det blei leigd inn ferievikar og etaten hadde 230 i lønnskostnader som ikkje var budsjettert. Det blei og brukt 100 tusen kroner til leige av grunn som ikkje var budsjettert. Etaten har hatt 430 tusen kroner i overforbruk til vedlikehald, service og snøbrøyting, mellom anna fordi det blei reforhandla avtale som blei dyrare enn antatt.

9.5 Rapport frå tenesteområda

I dei følgjande avsnitta kjem rapportar frå dei ulike tenesteområde innan etat for landbruk og teknisk.

9.5.1 Byggesak

Det vart innvilga byggeløyve for 16 (19 i 2019) nye hytter og 5 nye bustadhus i 2020 (0 i 2019).

Totalt er det behandla 133 (130) saker inkl. 26 (21) utsleppssaker etter delegert behandling i 2020, og 20 (25) saker er lagt fram for politisk behandling i hovudutvalet.

Delegasjonssakene omfattar m.a. nybygg, tilbygg, ombygging og mindre bygningar, som garasjar og anneks, og utsleppsøknadar. Ein del saker omfattar oppfylging av ulovleg bygging.

Det kan tyde på at hyttebygginga har stabilisert seg på det nivået det har vore dei siste åra – ca. 20 nye hytter i året.

9.5.2 Arealplanlegging

Planstrategi

Planstrategien for 2020-2023 vart vedteke i september 2020. Vang kommune vil dei neste fire åra ha eit spesielt fokus på å auke kunnskapsgrunnlaget til kommunen for ei heilskapleg og berekraftig utvikling. Utvalde tema kommunen vil fokusere på er naturmangfald, energi og klima, vassmiljø og

trafikktryggleik.

Kommuneplan

Kommuneplanen med samfunnsdel og arealdel vart vedteke den 18.12.2014, for perioden 2015-2017 (tre føresegner vart revidert den 12.2.2015). Kommunen har i planstrategien lagt opp til ei revidering av samfunnsdelen i 2023 og arealdelen i 2024-2025.

Kommunedelplanar

Kommunedelplan for Tyinkrysset fekk mykje ressursar i 2019, og vart sluttbehandla i kommunestyret i 5. september 2019. Den 24.09.19 vart det stilt krav om lovlegheitskontroll av vedtaket, jamfør kommuneloven § 59. Dette kravet har blitt følgt opp i 2020, men ein ser enno at denne planen krev ressursar i fyrste halvdel av 2021.

Det er i planstrategien sagt at kommunen ser det som føremålstenleg å vurdere kommunedelplan for Grindafjell, Raudalen og Slettefjell samstundes med revidering av kommuneplanen sin arealdel.

Reguleringsplaner som er vedtekne og under utarbeiding/behandling

I 2020 vart det vedteke fem nye reguleringsplanar i Vang;

- Detaljregulering E16 Øye-Eidsbru, planID 2018005
Denne planen er ei endring av reguleringsplan E16 Øye-Eidsbru frå 2014, planID 2011005. Føremålet med planen var i hovudsak å etablere permanent massedeponi i Djupedalen og Eidsbru.
- Planendring E16 Kvamskleiva planID 2017006.
Føremålet med endringa er å legge til rette for utfylling av tunnelmasser i Norsvinsfjorden også når det ligg is.
- Detaljregulering Bøaflata III, planID 2019004.
Føremålet med planen er å leggje til rette for døgnkvileplassar for tungtransport langs E16.
- Reguleringsplan E16 Øylo-Hålimoen, planID 2018003
Føremålet med planen er å utbetre E16 for å redusere talet drepne og hardt skada i trafikken, og auke framkommelegheit for person- og godstransport.
- Detaljregulering Klukkargrende, planID 2019001
Planforslaget legg til rette for utbygging av eit bustadområde med 8 tomter ved Klukkargarden.

Samstundes er fylgjande reguleringsplanar i prosess:

- Krøssvølhaugadn
- Nystuen
- Sløtafeltet
- Bygdin
- Fjellheim
- Kviissyndin Nord
- Kvien bustadfelt

-
- Reguleringsendring Reikesteinsøddin
 - Klukkarhaugen
 - Mindre endring Solsteinslie aust
 - Mindre endring E16 Kvamskleiva – endring ved Kvam
 - Raudalen – Haretunet
 - Raudalen 93/4 – nytt hyttefelt

9.5.3 Frådeling, oppmåling, kartlegging, seksjonering og plassering av bygg

- 112 tomter målt, berre 11 gjeld nyoppretta tomter
- Avklaring av eigartilhøve og grenser for eldre vasskraftanlegg er i hovudsak fullført
- Jordskiftesaker og målte grenser mot offentleg veg er matrikkelført. Arbeidskrevjande
- Kommunen legg til grunn at Kartverket respekterer skrivemåten av vegnamn vedteke i Vang. Kartverket har klaga
- Seksjonering og reseksjonering. Arbeidskrevjande

Kartleggingsprosjekt held på kontinuerleg, jamfør Geodataplan for Innlandet. Kommunane gjev årleg innspel på regionale møter med alle eigarane av kartdata.

Kommunen forsvarar bruk av dialektnære skriftformer på vegnamn.

Vang kommune er arbeidsgjevar for GIS-konsulenten i Valdres. Han driftar felles kartsystem for Valdres (VGIS) og bidreg med opplæring, oppgradering og tenester for alle kommunane. Funksjonen er vesentleg for å oppretthalde nødvendig servicenivå.

9.5.4 Bustadtiltak

Ledige bustadtomter i kommunale felt:

- Bøafлата 1
- Åsvang 2
- Ryfoss 1
- Steintræet 7

Kommunen starta opparbeiding av nye bustadtomter i Ryfoss i 2019 og tomter leggjast ut for sal våren 2021.

9.5.5 Byggeprosjekt og vedlikehald av kommunale bygg

Vedlikehald av kommunale bygg blir registrert og gjennomført etter prioriteringar/vedlikehaldsplan og tilgjengelege ressursar.

Frå 2019 vart vaktmeistertenesta slått saman og sorterer no under Landbruk og teknisk etat, som då også fekk ansvaret for drift og vedlikehald av alle kommunale bygg.

Vindauge på kommunehuset vart skifta og det vart klargjort tomt for tilbygg av heis og ventilasjon. Utbygging av heis og ventilasjon vart satt litt på vent av fleire grunnar. Ein av grunnane var manglande interesse hjå byggentreprenører samt radonmålingar som viser tre gonger høgare verdier enn strålevernforskriften si grense for tiltak i delar kjellaren på kommunehuset. Det vil bli vurdert kva tiltak me må gjera no i 2021.

I år fekk me ekstra tilskot til ikkje planlagt vedlikehald i samband med Covid-19 som og vart brukt etter beste evne. Me hadde og i sumar tilsett skuleungdomar som sommarvikarar.

9.5.6 Prosjekt/investering

Prosjektet, som vi bruker felles namn Øyebakkin på, gjeld fleire delar som gjennomførast i samanheng for å oppnå ein mest mogleg rasjonell og god gjennomføring.

1. Slokkevatn for Øye Stavkyrkje. Vang kommune bygger høgdebasseng og leidningsanlegg ned til teknisk rom som skal oppførast på Øyebakkin (omtala i neste punkt). Vang Maskin AS vann tilbodskonkurransen og starta opp arbeida i desember 2020. Denne entreprisa skal vere utført innan 15.mai 2021 og ligg i rute til det. Arbeida ligg innanfor delkostnadsramma i det samla prosjektet. Det har kome på ei utfordring med at trekkerøyr som Statens Vegvesen la under nye E16 parsellen for Vang kommune, er lagt på feil måte med krapp retningsendring som gjer at ein ikkje kjem gjennom med vassleidningen. Statens vegvesen skal rette opp dette ved at det skal borast under vegen, og dei betalar alle kostnader med dette.
2. Bygg med teknisk rom og servicedel. Det skal byggast teknisk rom i kjellar til brannsløkkeanlegg for stavkyrkja, samt toalettanlegg og utstillingsareal i 1.etg. Arbeid med planlegging pågår. Bygningsarbeida skal delast i to delar. Fyrste del med kjellar og råbygg med utvendige flater i 1.etasje skal leggast ut på tilbodskonkurransen våren 2021 for utføring sommaren - hausten 2021. Innreiing skal utførast av tilsette i utestaben i Vang kommune frå hausen 2021 til våren 2022.
3. Utomhusanlegg. Dette omfattar veg inklusive ny veg til Øye kyrkje, parkering og grøntanlegg ved nybygget på Øyebakkin, og grøntanlegg mellom Øyevegen og Øye stavkyrkje, samt utviding av kyrkjegarden til Øye kyrkje. Planleggingsfasen av dette er snart gjennomført, og arbeida vert då lagt ut på tilbodskonkurransen. Ein del av arbeida er planlagt utført i 2021 og med slutføring sommaren 2022.

Kommunehuset.

Det er avdekka problem med bygget som det arbeidast med avklaring og tiltak for.

Det eine er høge radonverdiar i underetasjen som skal kontrollerast nærare. Når dette er klart, skal det vurderast tiltak. Dette kan bli omfattande og leggast inn i det samla prosjektet med [tilbygg for](#) installering av heis [m.v.](#), ventilasjonsanlegg og [noko](#) oppgradering av [elektroanlegg](#).

Det andre er liten bæreevne tak. På grunn av låg etasjehøgde, må hovudkanalar for ventilasjon leggast over dagens tak. Det er tidlegare vurdert innkassing med isolering. Desse vil det kunne bygge seg opp snø ved og med det auke snølasta til over bæreevnen. Vi jobbar med vurdering av alternative løysingar der den eine kan vere å bygge ny takkonstruksjon med møna taksstolar med bæring på ytterveggar, som både løyser bærevna og plass til hovudkanalar på loft.

Dessutan er kapasiteten hjå bygningsentreprenørar lokalt og regionalt ikkje til stades før tidlegast heilt på slutten av året 2021. Det bør vere minst tre tilbod for å få god nok konkurranse. Vi reknar med at lokale og regionale entreprenørar har størst konkurranseevne, så vi ynskjer at desse skal ha moglegheit og interesse til å legge inn tilbod saman med andre når vi legg ut prosjektet for tilbodskonkurranse. Slik det ser ut no kan det bli hausten 2021. Det er inngått kontrakt på ventilasjon og elektro, som er sett på vent.

Hausten 2021 vart det teke opp kummar som ville kome i vegen, sett ned nye, grave ut tomt, pukka opp, lagt avlaup-/overvassrøyr og isolert for tilbygget som er planlagt i tilfelle vi hadde lykkast med å engasjere bygningsentreprenør med oppstart denne vinteren. Dette vart gjort for å unngå tele i massane og at bygningsentreprenør kunne starte raskt opp.

9.5.7 Brann- og feiarvesen

Alle Valdreskommunane unnateke Nord Aurdal, er medeigar i eit felles brann-, rednings- og feiarvesen, organisert som eit IKS samarbeid. For årsmelding brann og feiarvesen sjå eige melding frå VBR IKS.

9.5.8 Renovasjon

Alle Valdreskommunane, er medeigar i eit felles renovasjonsselskap (henting og handtering av avfall og henting av avløpsslam frå private), organisert som eit IKS samarbeid. For årsmelding renovasjon sjå eige melding frå VKR IKS

9.5.9 Landbruk

Tal pr. 1.3.2020, tal for 2019 i parentes

Bruk med mjølkekyr:	31	(32)	Mjølkekyr:	501	(533)
Bruk med andre storfe:	41	(43)	Andre storfe	1045	(1155)
Bruk med ammekyr	8	(8)	Ammekyr	107	(83)
Bruk med sau:	38	(39)	Vinterfora sau:	2938	(2818)
Bruk med mjølkegeiter:	5	(4)	Mjølkegeiter:	607	(537)
Bruk med pelsdyr:	4	(4)	Pelsdyrtisper:	460	(474)

-
- 2 kjøpte privat mjølkekvote i 2020 til saman 50 917 liter geitemjølkk.
 - Ein selde mjølkekvota for kyr i 2020.
 - Avløyning i husdyrbruket vart administrert av Vang avløyningarlag og 10 søkte om tilskott til sjukeavløyning i 2020.
 - Det vart gjeve Bygdeutviklingsmidlar til eit stølsfjøs og til ein bygdenæringsstøtte i 2020. Kommunalt tilskott vart gjeve til utbetring eit fjøs.
 - 2 reiskapshus fekk kommunal støtte. Det vart utbetalt tilskott til eit miljøtiltak – ny gjødselsilo.
 - 5 søkte om statleg tilskott til drenering og to søkte om godkjenning av nydyrking til saman 54 da.
 - I ordninga Spesielle miljøtiltak i landbrukets kulturlandskap (SMIL-ordninga), var det 1 søknad.
 - Det vart utført 5 gardsbesøk i saman med Innovasjon Norge til dei som hadde meldt inn interesse for planer og tankar innanfor tradisjonell landbruk og bygdenæringer.
 - På grunn av Covid-19 har det ikkje vore mogleg å arrangere kurs eller seminar der in kan møtes. Landbrukskontoret har delteke på ulike webinar og Teams-møter/kurs.
 - Fylkesmannen i Innlandet utførte forvaltningskontroll av dei statlege tilskottsordningane som produksjonstilskott, RMP og sjukeavløyning. Det vart funne få avvik. Eit av avvik er at landbruksforvaltninga er sårbare om det skulle bli lengre fråfall ved kontoret og betre rutinar for saksbehandling at dei statleg tilskottsordningane.

9.5.10 Skogoppsynet

Skogoppsynet har kontroll-, forvaltnings- og rådgjevingansvar. I 2020 vart det avverka 8 604 m³ tømmer (2 232 m³ i 2019) med ein bruttoverdi på 2 565 810 kr (762 858 kr i 2019).

I kommuneskogen ved Hugali vart det avverka 839 m³ tømmer med ein bruttoverdi på kr 280 422 i 2020.

Kommunen har i samarbeid med Vestre Slidre og skulen årleg arrangert skogdag for 5. klasse. Tema er om skogen gjennom ein naturstig og andre aktivitetar. Dette vart i 2020 ikkje utført på grunn av Covid-19.

9.5.11 Viltforvaltning

- Hjorteviltforvaltninga blir teke hand om av Vang driftsplanlag for hjortevilt. Kommunen godkjente ny bestandsplan for perioden 2018-2021.
- 2 jaktlag og ein grunneigar melde seg ut av driftsplanlaget og fekk tildelt kvote direkte frå kommunen.
- I 2020 vart det felt 72 elgar av ei kvote på 88 og 57 hjortar av ei kvote på 119. Avskytinga i 2019 var 47 elg og 56 hjort.
- I samband med utbrot av skrantesjuka på villrein i Norefjella, er jegerane i Vang kommune pålagt å ta hjerne- og lymfeprøve og av alle felte hjortevilt over 2,5 år i 2020. Det vart ikkje påvist

smitte av skrantesjuka her i Vang. Målsetjinga er å ha ein større avskyting.

- For utrykking ved viltpåkøyrslar og anna skade har kommunen avtale med ei ettersøksgruppe på 3 personar. Desse rykkjer ut på kort varsel ved melding til politi eller vakt- sentralen.
- I 2020 er det rapportert inn 22 ettersøk enten ved påkøyrslar eller andre årsakar. Av desse var det 18 som enten vart avliva eller døydd på plassen, 4 elg, 5 hjort og 9 rådyr. 4 dyr vart ikkje funne.

9.5.12 Reindrift

Vang har to tamreinlag, Filefjell og Fram, med ca. 6 000 vinterdyr til saman. Filefjell har sumararbeite i Filefjellområdet og vinterbeite ved Vassfaret. Fram held til aust for Tyin om sumaren og i Gausdal vestfjell om vinteren. Lom og Vågå tamreinlag leiger beite nord for Bygdin. Det vil seia at så mange som 14 000-14 500 rein beiter om sumaren i fjella i Vang kommune. Desse 3 reinlaga slaktar omtrent 6 000 rein, som utgjer 175-185 tonn med reinskjøtt kvart år.

9.5.13 Rovdyr

I 2020 vart det ikkje søkt om løyve til skadefelling av noko freda rovvilt. Samla tap vart 232 av 7 589 slepte sau/lam (3,06 %). Normaltap ligg på mellom 2 og 3 % på landsbasis. Enkelte besetningar har hatt store tap.

Statens naturoppsyn (SNO) ved rovviltkontaktane har ansvaret for å dokumentere tap av beitedyr grunna rovvilt, og skal varslast så fort som råd i slike tilfelle.

Det kommunale skadefellingslaget i Vang hadde 3 samlingar med skytetrening og gjennomgang av beredskapsplan for akutte tiltak mot rovviltskade.

Rovviltutvalet er samansett av beitelaga, tamreinlaga, skadefellingslaget for rovvilt og ordførar som leiar. Utvalet har møter 2 gonger i året, der beredskapsplan og sesongen er tema. I 2020 var det berre eit møte, på grunn av korona.

I 2013 vart det innført skotpremie. I 2020 vart det utbetalt kr 27 650 premie og det vart felt:

Kråke	Ravn	Skjære	Røyskatt	Mink	Mår	Rev
60	0	21	0	0	0	59

9.5.14 Miljø

Planstrategi 2020-2023 for Vangkommune vedteke den 10.09.2020 stadfestar tidspunkt for utarbeiding av nye kommunedelplanar for naturmangfald, Energi og klima og Vassmiljø-vassforsyning-avløp. Målsetjinga for 2020 om eit sertifiseringsmøte der ein ynskjer ei sertifisering av kommunehuset etter miljøfyrtårn sine kriterier vart ikkje nådd. Kriteria spenner seg over fleire etatar og mangel på tid har gjort at det førebunde arbeidet til eit sertifiseringsmøte ikkje har vore tilstrekkeleg gjennomført. Det er søkt om utsetting og ein sertifisering er mogleg innan fyrste halvår i 2021. Kommunen har i 2020 søkt om støtte og vorte tildelt midlar til klimasatsprosjekt i Landbruket og VA-sektoren. Tilskot til klimavenlege bygg (Klukkarhaugen) og etablering av ladestasjonar for el-bilar i kommunen er også omsøkt og tildelt i 2020. Arbeid med klimasatsprosjekt i VA-sektoren og ladestasjonar for el-bil er no i gang.

Oppstart av kommunedelplan for naturmangfald, klimasatsprosjekt i landbruket og vidare arbeid med prosjekt som allereie er starta opp skal fortsette i 2021. Med unntak av klimasats landbruk forventar ein at prosjekta blir avslutta i løpet av året.

9.5.15 Kommunale vegar

Det vart take full opprusting av vegen gjennom Lundsmarka bustadfelt i sumar, med ein god del masseutskifting, ny asfalt og nytt rekkverk der det var naudsynt. Dei andre resterande vegane fekk naudsynt vedlikehald samt det vart og i år rydda noko vegetasjon. Det siste er noko som må prioriterast framover.

Vedlikehald blir gjennomført etter behov og tilgjengelege resursar. Det blir stadig viktigare å få rydda nok skog til å oppretthalde sikt og framkome for større køyretøy.

9.5.16 Vatn og avløp (VA)

Nye Ryfoss vassverk ble tatt i bruk hausten 2020. Vassverket nytter dei same grunnvassbrønnane, men har nytt anlegg for UV filtrering, avherding og mogligheit for nødkloring.

Nye Tyinkryssset vassverk ble tatt i bruk jula 2020. Vassverket har 2 nye grunnvassbrønner, UV anlegg, vassglassdosering og mogligheit for nødkloring. Vassverket vil driftast berre i høgtider og periodar med høgt forbruk fram til høgdebassenget ved Grøsvstølen vert bygd.

Rammeplan for vatn og avløp Vang ble vedtatt i 2020, planen syner ein heilskapleg utbygging av kommunale vass og avløps leidningar mellom Vang autoservice og Synshagen næringspark.

Nytt driftskontrollanlegg for vatn og avløp ble tatt i bruk i 2020

- Dekningsgrad vatn 95,7%, behaldning fond per 31.12.2020 var 4 670 170 kr
- Dekningsgrad avløp 70,2%, behaldning fond per 31.12.2019 var 2 953 109 kr

Føssellie bustadfelt er nesten ferdig, det er lagt asfalt og gatelys vil bli utført sumaren 2021.

Som forureiningsmynde har kommunen ansvar for oppfølging av private avløpsanlegg. På grunn av bemanningssituasjonen er ikkje dette arbeidet vorte prioritert. Arbeidet kan gebyrfinansierast.

9.6 Status og utviklingstrekk

- Stor saksmengde, mange nye folk som gjer at vi ikkje er så effektive som vi bør
- Ikkje hatt tilstrekkelig fokus på miljø og forureining
- Klimaendringar med meir nedbør
- Må tilpasse oss digital kvardag i større grad, gjeld og publikum/innbyggjarar/søkarar/næringsaktørar med vidare (ebyggesak, Acos Eigedom for plansaker)
- Samsunnsikkerheit og beredskap skal ligge hjå etaten
- Større krav til kompetanse ved drift av kommunale bygg enn før, blir meir og meir komplisert
- Oppdemma behov for vedlikehald innan VA og noko på bygg og veg sjølv om det er betre tatt i vare
- Stor aktivitet i byggebransjen sjølv med Korona, lite konkurranse og få som responderer på anbod
- Behov for å jobbe smartare og vere tydleg på etatens kjerneoppgåver og kva forventningar vi kan innfri
- Auke kunnskapsgrunnlag for utarbeiding av ulike planer

9.6.1 Kart og oppmåling

- Rekvisisjon på oppmåling av nye tomter eller klarlegging av eksisterende grense er alltid prioritert.
- Kvalitetsheving av matrikkelen bør halde fram i 2021.
- Kvalifisering av matrtikkellandmålar til autorisert landmålar bør skje i 2021.

9.6.2 Planarbeid

I 2021 vil planavdelinga ha fokus på

- Ajourføre digital plandialog
- Gjennomgang, avklaring og ajourføring av forslagsbasen (planar under arbeid)
- Innarbeide rutine for registrering av dispensasjonar i kartet
- Lage verktøykasse for å følgje opp bu- og driveplikt
- Følgje opp bu- og driveplikta
- Kommunedelplan på Tyinkrysset
- Kommunedelplan for trafikktryggleik
- Reguleringsplan Klukkarhaugen
- Reguleringsendring Øyebakkin
- Utarbeide sti- og løypeplan for Vang
- Private reguleringsplanar

9.6.3 Byggesak

- Bygging av nytt kloakkrenseanlegg og nytt vassverk i Tyinkrysset, og revidert kommunedelplan for området, håpar ein vil gje ein ny oppsving i utbygging på Tyinkrysset i løpet av få år.

- Det er framleis att over 700 ledige og godkjende hyttetomter i regulerte felt i Vang. Tenlelia har att mange ledige tomter. Elles er det att mange ubygde tomter i Haugastøl og Solsteinslie i Vang heimlier, på Tyinkrysset, Gudbrandslie og Børrelie. Også på Tyinholmen, Målnes og Reikesteinodden er det mange ledige tomter. I dei to sistnemnde felta er det stilt krav til godkjent va-plan før vidare utbygging. I Raudalen er eitt felt fullt utbygd (ca. 30 hytter) i løpet av få år av same utbyggar. Det er her nødvendig med nye arealplaner før vidare utbygging. Planarbeid for eitt nytt felt er i gang.
- Det kommunale bustadfeltet på Åsvang har att nokre få ledige byggeklare tomter, og fleire tomter kan gjerast byggeklare ved å legge meir va-leidningsnett (kloakkpumpeleidning). Samstundes må og infiltrasjonsanlegget forbeholdt for å hindre luktplager. Utbygging av infrastruktur i fyrste etappe av det nye bustadfeltet i Ryfoss (utviding av eksisterande) vil bli ferdigstilt i 2021, og det er å håpe at tildeling av tomter og bygging kan koma i gang dette året. Byggefeltet på Bøaf lato har att *ei* tomt. Det er att 7 tomter i Steintræet bustadfelt. I Tyinkrysset er det ikkje lenger ledige bustadtomter, då desse vart oppheva ved godkjenninga av kommunedelplanen for Tyinkrysset i 2019.
- Det ser ut som det er aukande interesse for bygging av bustadar på spreidde, private tomter, og det vil mest truleg koma fleire søknadar om godkjenning av slike framover. I kommuneplanen sin arealdel er det sett av fleire område i kommunen til dette føremålet. Det private bustadfeltet på Hensåsen har att nokre byggeklare tomter. Det er godkjent reguleringsplan for Klukkargrende bustadadfelt med åtte tomter og i Krøssvølhaugadn er det selt to nye bustadtomter.
- Når det gjeld spreidde avløpsanlegg for både bustadar og hytter, så er det eit område som burde ha fått meir fokus. Det burde ha vore gjort ein grundig jobb med kartlegging og kontroll av eksisterande anlegg i heile kommunen og laga planar/pålegg for opprusting av desse og for kva for framtidige anlegg som kan godkjennast. Det vil føresetja at forureiningssituasjonen i vassdrag må kartleggast. Situasjonen for ein del vassdrag er det ei viss oversikt over, gjennom det arbeidet som har vore gjort i prosjektet Vassområde Valdres. VKR har utført ein visuell kontroll av slamavskillere ved dei rutinemessige tømningane av anlegga. På grunnlag av dette har det vore gjeve ein del pålegg om opprusting av slamavskillere, men sjølv infiltrasjonsdelen og eventuelt forureining, har det ikkje vore gjort tilsyn med. Det må setjast av eigne midlar til eit slikt prosjekt. Det er ikkje kapasitet til å gjera slike tilsyn, som må gjerast sumartid, med eksisterande bemanning. Frå 2020 overtok kommunane ansvaret for å halde á jour registeret over alle private avløpsanlegg. VKR har hatt det tidlegare.
- Tilsynsoppgåver i byggesaker håpar ein å få sett av noko meir tid til no etter at bemanninga ved avdelinga er auka.
- Det er no 1,8 stillingsheimel som arbeider med byggesaker, frådelingssaker og utsleppssøknadar for mindre, spreidde avløpsanlegg.

9.6.4 Vatn og avløp

Det er planlagt byggestart på høgdebassenget ved Grøvtølen, arbeidet kjem ut på anbod våren 2021.

Detaljprosjektering og planlegging av etappe 1 og 2 i rammeplan vatn og avløp Vang begynner i 2021.

Det er ikkje kjent når arbeidet er klart for anbod.

Reinseanlegget på Åsvang er bygd opp av ein slamavskiljar, lecafilter og våtmarksfilter. Ei utbetring av anlegget bør inkludere utskifting av lecafilteret då desse har avgrensa levetid.

10 Næringsutvikling

Tilskott til næringsutvikling blir gjort i samsvar med gjelda retningslinjer for næringsstøtte og for bruk av næringsfondet.

Det er formannskapet som fattar vedtak i desse sakene. I 2020 fekk kommunen 1,44 mill i ekstra tilskott til næringsfondet. Desse midlane vert brukt til finansiering av tilskott til næringslivet i 2021.

Kommunen mottok 23.429.729 kr i konsesjonsavgift I 2020. Av desse midlane er 21.752.472 kr brukt til å finansiering i samsvar med tabellen nedanfor.

Status for næringsfond pr 31.12.2020

Tekst	Beløp
Næringsfond pr 1.1.2020	63 687 741
Mottatt konsesjonsavgift	23 429 729
Tilbakeførte tilsagn	256 926
Renter	543 405
Bruk i året	-20 480 801
Saldo kommunalt næringsfond pr 31.12.2021	67 437 000
Ekstra næringsfond covid	1 444 000
Sum	68 881 000

Ansv	Konto	Tiltak	Regnskap	Budsjett	Regnskap
			2020	2020	2019
100	1470	Tilskot til politiske parti	0	40	40
430	1230	Vedlikehald	0	1 600	1 215
430	1250	Material til vedlikehald	0	45	23
205		Frivilligsentralen - Integrering	847	795	0
470	1470	Tilskot til private vegar	103	103	103
400		Ekstra bemanning på planleggingsida	700	700	700
400		Geovekst	46	65	32
400	1470	Tilskot til spreidd bustadbygging	90	180	135
100	1470	Valdres Natur -og Kulturpark	404	404	412
100	1470	Tilskot til løypekjøring	190	190	185
100	1470	Tilskot Innvangsjon	1 500	1 400	1 400
100	1470	Tilskott - breiband			310
100	1470	Tilskot til næringsutvikling	2 366	970	948
100	1470	Prosjekt huga på gard	0	0	50
450	1470	Tilskot til landbruksføremål	932	770	931
100	1470	Tilskot til Grindaheim Rødekors	0	20	0
100	1470	Tilskot til Høre Rødekors	0	20	0
451	1470	Skotpremie	0	20	70
205	1470	Tilskot til kino	0	10	16
205	1470	Tilskot til Valdresmusea as	90	72	109
205	1470	Tilskot til kunstformidling	9	29	31
205	1470	Tilskot til idrettsanlegg	215	146	145
205	1470	Tilskot til andre kulturaktivitetar	420	513	520
100	1470	Tilskot til Vang Kyrkjelege Fellesråd	2 873	2 700	2 700
205	1470	Tilskot til religiøse organisasjonar	0	60	60
100	1510	Avdragsutgifter	6 697	6 200	5 801
100	1500	Renteutgifter	2 998	2 200	564
		Generelle formål	0	3 234	
Total bruk av næringsfond			20 480	22 486	16 500
100	1952	Budsjettert bruk av næringsfond	20 480	22 486	16 500

11 Vedlegg – hovudoversikter

Bevilgningsoversikt jfr §5-4	Regnskap	Reg. budsjett	Oppr.budsjet
	2020	2020	2020
Bevilgningsoversikt - drift (regnskap)			
1 Rammetilskudd	81 411 728	75 000 000	75 000 000
2 Inntekts- og formueskatt	38 226 220	43 300 000	43 300 000
3 Eiendomsskatt	6 155 791	6 100 000	6 100 000
4 Andre generelle driftsinntekter	40 151 531	42 800 000	42 800 000
5 Sum generelle driftsinntekter	165 945 270	167 200 000	167 200 000
6 Sum fordelt til driftsføremål	149 840 612	161 637 705	162 380 000
7 Avskrivninger	17 138 803	16 229 000	16 229 000
8 Sum netto driftsutgifter	166 979 415	177 866 705	178 609 000
Brutto driftsresultat	-1 034 145	-10 666 705	-11 409 000
10 Renteinntekter	2 024 553	2 228 000	2 228 000
11 Utbytter	-3 467 960	268 000	4 268 000
13 Renteutgifter	3 193 146	4 500 000	4 500 000
14 Avdrag på lån	6 696 908	7 195 000	7 500 000
<i>15 Netto finansutgifter</i>	<i>-11 333 461</i>	<i>-9 199 000</i>	<i>-5 504 000</i>
16 Motpost avskrivninger	17 138 803	16 229 000	16 229 000
17 Netto driftsresultat	4 771 197	-3 636 705	-684 000
Disponering eller dekning av netto driftsresultat			
19 Netto avsetninger til eller bruk av bundne driftsfond	4 087 747	-1 155 295	289 000
20 Netto avsetninger til eller bruk av disposisjonsfond	166 806	4 792 000	395 000
21. Overføring til investeringsrekneskap	516 643		
22 Sum disp eller dekning av netto driftsresultat	4 771 196	3 636 705	684 000
Disponert i drift	-	-	-

post 5 i bevillingoversikt jfr §5-4	Regnskap 2020	Buds(end) 2020	Budsjett 2020
10 Sentrale politiske organ	2 930 044	2 919 000	11 645 500
11 Kommunedirektør	1 254 106	1 293 800	-
12 Stab	8 563 435	9 772 200	204 881
20 Kommunalsjef OKI	4 953 422	4 916 000	4 930 000
22 Grunnskulen	23 454 655	25 381 000	25 794 000
25 Barnehager	10 559 088	13 091 000	13 351 000
26 Kultur	7 885 534	8 419 000	8 339 500
27 Vaksenopplæring	-28 167	2 413 000	2 546 000
28 Bufelleskap flyktningar	-2 411 085	-1 675 500	-1 367 500
29 Frivilligsentralen	818 036	879 000	820 000
30 Kommunalsjef HO	1 398 918	1 347 000	5 672 000
31 Helsetenester	11 447 994	12 373 000	9 981 000
33 Sosiale tenester	4 893 635	5 663 000	5 735 000
36 IHT	35 528 669	39 879 000	39 466 000
39 Miljøtenester	15 609 895	17 191 000	17 171 000
40 Kommunalsjef Landbruk Teknisk	745 849	3 364 000	3 081 000
41 Plan , kart, oppmåling og byggesak	3 582 972	97 000	22 000
43 Kommunale bygg og vegar	13 153 739	11 651 000	10 932 000
44 Bustadfelt og tomter	16 969	-31 000	-31 000
45 VA	-2 791 751	-3 623 000	-3 662 883
47 Landbruk	2 293 067	2 475 500	2 463 502
49 Brann og feietenester	3 040 391	2 409 000	2 409 000
50 Næringsutvikling	2 484 940	1 613 705	3 058 000
60 Kraftforvaltning	399 423	-180 000	-180 000
80 Renter og avdrag	223 640	-	-
90 Bruk og avsetning av fondsmiddel	-166 806	-	-
Sum	149 840 612	161 637 705	162 380 000
post 5 i bevillingoversikt jfr §5-4	149 840 612	161 637 705	162 380 000
avstemming	-	-	-

Økonomisk oversikt - drift	Regnskap	Reg. budsjett	Oppr.budsjet	Regnskap
§5-6	2020	2020	2020	2019
Driftsinntekter				
1 Rammetilskudd	81 411 728	75 000 000	75 000 000	68 851 266
2 Inntekts- og formuesskatt	38 226 220	43 300 000	43 300 000	43 242 290
3 Eiendomsskatt	6 155 791	6 100 000	6 100 000	5 829 277
4 Andre skatteinntekter	37 369 264	40 100 000	40 100 000	29 937 857
5 Andre overføringer og tilskudd fra staten	15 171 618	11 816 295	10 253 000	12 401 285
6 Overføringer og tilskudd fra andre	27 744 480	24 254 000	24 377 000	39 435 908
7 Brukerbetalinger	6 418 528	6 843 000	6 843 000	6 706 164
8 Salgs- og leieinntekter	20 866 144	19 134 000	19 136 000	19 476 019
9 Sum driftsinntekter	233 363 772	226 547 295	225 109 000	225 880 066
Driftsutgifter				
10 Lønnsutgifter	119 456 809	123 536 500	123 387 000	116 097 246
11 Sosiale utgifter	19 911 629	23 699 000	23 699 000	21 673 551
12 Kjøp av varer og tjenester	62 105 514	59 560 500	59 226 500	61 669 565
13 Overføringer og tilskudd til andre	15 785 162	14 189 000	13 976 500	14 242 334
14 Avskrivninger	17 138 803	16 229 000	16 229 000	16 265 081
15 Sum driftsutgifter	234 397 917	237 214 000	236 518 000	229 947 777
16 Brutto driftsresultat	-1 034 145	-10 666 705	-11 409 000	-4 067 711
Finansinntekter				
17 Renteinntekter	2 024 553	2 228 000	2 228 000	2 277 704
18 Utbytter	-3 467 960	268 000	4 268 000	4 249 000
20 Renteutgifter	3 193 146	4 500 000	4 500 000	3 480 231
21 Avdrag på lån	6 696 908	7 195 000	7 500 000	5 801 068
22 Netto finansutgifter	-11 333 461	-9 199 000	-5 504 000	-2 754 595
23 Motpost avskrivninger	17 138 803	16 229 000	16 229 000	16 265 081
24 Netto driftsresultat	4 771 197	-3 636 705	-684 000	9 442 776
Disp. eller dekning av netto driftsresultat:				
26 Nto avsetn. til eller bruk av bundne driftsfor	-4 604 390	-1 155 295	289 000	-6 127 441
27 Nto avsetn til eller bruk av disposisjonsfon	-166 807	4 792 000	395 000	-3 315 335
29 Sum disp eller dekn av netto driftsresultat	-4 771 197	3 636 705	684 000	-9 442 776
30 Fremført til inndeckning i senere år	-	-	-	-

Drift netto resultat pr etat 2020	Regnskap 2020	Buds(end) 2020	Avvik	Avvik i %
1 Sentale politiske og adm organ	12 645	13 939	-1 294	-9 %
2 Utdanning og Kultur	45 371	52 086	-6 715	-13 %
3 Helse og omsorg	69 573	75 773	-6 200	-8 %
4 Landbruk og Teknisk	18 085	15 583	2 502	16 %
5 Næring	3 929	3 058	871	28 %
Sum drift i etatene	149 603	160 439	-10 836	-7 %
6 Kraftforvaltning	-25 875	-33 880	8 005	-24 %
7 Rammetilskott og skatteinntekter	-136 844	-133 500	-3 344	3 %
8 Finansforvaltning	8 694	9 580	-886	-9 %
Sum kraft, frie inntekter og finans	-154 025	-157 800	3 775	-2 %
9 Bruk - og avsetning av fondsmiddel	4 422	-2 638	7 060	
Balanse	-	-	-	

jfr §5-8		
BALANSE PR 31.DESEMBER	2020	2019
EIENDELER		
A. Anleggsmidler	791 652 765	758 643 022
I. Varige driftsmidler	456 878 729	449 632 383
1. Faste eiendommer og anlegg	448 788 289	442 267 744
2. Utstyr, maskiner og transportmidler	8 090 439	7 364 639
II. Finansielle anleggsmidler	29 163 064	29 457 241
1. Aksjer og andeler	12 360 794	12 215 042
3. Utlån	16 802 269	17 242 199
IV. Pensjonsmidler	305 610 973	279 553 398
B. Omløpsmidler	161 777 951	137 062 601
I. Bankinnskudd og kontanter	113 239 933	75 792 320
III. Kortsiktige fordringer	48 538 018	61 270 281
1. Kundefordringer	35 061 666	47 960 735
3. Premieavvik	13 476 352	13 309 546
Sum eiendeler	953 430 717	895 705 623

jfr §5-8

	2020	2019
BALANSE PR 31.DESEMBER		
EGENKAPITAL OG GJELD		
C. Egenkapital	415 058 095	381 419 319
I. Egenkapital drift	106 326 087	102 071 535
1. Disposisjonsfond	26 004 574	25 837 768
2. Bundne driftsfond	80 321 514	76 233 767
II. Egenkapital investering	1 454 569	-3 768 904
2. Bundne investeringsfond	1 454 569	1 195 194
3. Udekket beløp i investeringsregnskapet	-	-4 964 097
III. Annen egenkapital	307 277 438	283 116 688
1. Kapitalkonto	304 529 662	280 368 912
3. Prinsippendringer som påvirker investering	2 747 776	2 747 776
D. Langsiktig gjeld	508 898 478	478 777 604
I. Lån	198 255 170	160 441 198
1. Gjeld til kredittinstitusjoner	188 255 170	150 441 198
3. Sertifikatlån	10 000 000	10 000 000
II. Pensjonsforpliktelse	310 643 308	318 336 406
E. Kortsiktig gjeld	29 474 142	35 508 700
I. Kortsiktig gjeld	29 474 142	35 508 700
4. Annen kortsiktig gjeld	29 474 142	35 508 700
Sum egenkapital og gjeld	953 430 717	895 705 623
I. Ubrukte lånemidler	-21 775 375	-503 494
III. Motkonto for memoriakontiene	-21 775 375	-503 494
Oversikt endring arbeidskapital		
OMLØPSMIDLER		
Endring betalingsmidler	37 447 613	-31 161 591
Endring kortsiktige fordringer	-12 899 069	22 086 581
Endring premieavvik	166 806	3 333 166
ENDRING OMLØPSMIDLER (A)	24 715 350	-5 741 844
KORTSIKTIG GJELD		
Endring kortsiktig gjeld (B)	6 035 894	-4 500 326
ENDRING ARBEIDSKAPITAL (A-B)	30 751 243	-10 242 170